



Vaksdal skule Foto: Rune Langeland



VAKSDAL KOMMUNE
BYNÆRT BYGDELIV

Årsrekneskap og årsmelding 2022

Innhold

Politisk organisering.....	3
Forord frå kommunedirektør.....	5
Økonomi.....	6
Resultat rekneskap og måltal.....	6
Rekneskapen 2022.....	9
Obligatoriske skjema og oversiktar.....	18
Investeringar	19
Hovudtal drift.....	22
Organisasjon	23
Vedlegg 1: Tenesteområda	33
Oppvekst og kultur.....	33
Helse og meistring	40
Digitalisering, innovasjon og samfunn.....	49
Felles økonomi.....	52
Vedlegg 2. Økonomisk oversyn.....	54
Vedlegg 3. Noter Rekneskap.....	58
Vedlegg 4: Konsolidert rekneskap Vaksdal Kommune og Vaksdal Kommunale arbeids og opplæringscenter (AO-senteret).....	72
Vedlegg 5. KOSTRA 2022 – førebels tal pr 15.03.23	80
Vedlegg 6. Meldingar	81

Politisk organisering



Hege Eide Vik, ordfører 2019-2023

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen.

Det vert vald direkte av innbyggjarane for fire år om gongen. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen i alle saker der vedtaksmyndet ikkje er delegert vidare til andre. Kommunestyret vert leia av ordføreren, med varaordføreren som stadfortredar.

Kommunestyret vel formannskap mellom medlemmene i kommunestyret, ordfører og varaordfører. Kommunestyret kan opprette og legge ned faste utval og fastset sjølv arbeids- og ansvarsområde for slike utval. Alle saker som er av prinsipiell natur skal avgjerast av kommunestyret sjølv. Dette gjeld m.a. budsjett, økonomiplan og overordna planar for den kommunale verksemda.

Kommunestyret 2019-2023

Hege Eide Vik (Sp), ordfører
Kjartan Haugsnes (SV) varaordfører
Thor Andersen (Ap)
Heidi Rongved (Ap)
Anne Christin Eide (Ap)
Lisa Natalie Johnsen Lunde (Ap)
Ole- Anders Brekklus (Ap)
Ståle Kallestad Hesjedal (Ap)
Boris Groth (Frp)
Trygve Jacobsen (Frp)
Erlend Hesjedal- Johannessen (H)
Amalie Johnsen Lunde (H)
Edvin Hesjedal (H)
Trond Olav Magnussen (H)
Arne Normann (Krf)
Ivar Rødland Bergo (Sp)
Line Eide Vik (Sp)
Renathe Vik (Sp)
Line Kydland (SV)
Evy Beate Kvamme (SV)
Mona Grenasberg (SV)



Kontrollutvalet fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegner.

Kontrollutvalet har som hovudføremål å medverke til ein ålmenn tillit i befolkninga, i høve best mogleg løysing av kommunale oppgåver. Vidare at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutval 2019 - 2023

Vegar Sellevold (leiar)

Anne Christin Eide (nestleiar)

Anneli Vatle Lilletveit

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Odd Jøran Oldervik

Formannskapet er på vegne av kommunestyret kommunen sitt sentrale styringsorgan, med eit særleg ansvar for økonomi- og plansaker. Det gjer i tillegg vedtak i ei rekkje saker etter fullmakt frå kommunestyret. Formannskapet har også mynde å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna kommunalt organ, når det ikkje er tid til å innkalla dette, jf. kommunelova § 13.

Formannskap/plan/økonomiutval 2019-2023

Hege Eide Vik (Sp), ordførar

Kjartan Haugsnes (SV), varaordførar

Thor Andersen (Ap)

Heidi Rongved (Ap)

Erlend Hesjedal-Johannessen (H)

Amalie Johnsen Lunde (H)

Boris Groth (Frp)

Levekårsutvalet har 7 medlemmer, kommunestyret vel leiar og nestleiar. Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er helse og omsorg, folkehelse, oppvekst og opplæring og andre saker som naturleg fell innfor utvalet sitt ansvarsområde.

Levekårsutvalet 2019 - 2023

Ivar Rødland Bergo (Sp), leiar

Line Kydland (SV), nestleiar

Trond Olav Magnussen (H)

Evy Beate Kvamme (SV)

Trygve Jacobsen (Frp)

Ole- Anders Brekkhus (Ap)

Lisa Natalie Johnsen Lunde (Ap)

Administrasjonsutval:

Formannskapet sine 7 medlemmer frå arbeidsgjevarsida og 3 medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane

Bygdeutviklingsutvalet

Medlemmer: Edvin Hesjedal, Line Eide Vik, Ståle Kallestad Hesjedal, Arne Normann, Mona Grenasberg



Forord frå kommunedirektør

Året 2022 har vore eit år der korona tiltaka vart fasa ut. Gradvis har den kommunale drifta vorte normalisert. Kommunedirektøren vil nytte høvet å takke for den uvurderlege innsatsen innbyggjarar og tilsette i Vaksdal kommune gjorde gjennom åra med pandemi.

Gjennom 2022 er det jobba systematisk med tilrettelegging for folketalsvekst, næringsutvikling og arealplanlegging. Eit godt grunnarbeid med tilrettelegging for auka busetnad og næringsutvikling er sentralt for å skape positiv utvikling og vekst for ein kommune. Slike prosessar tar tid, og det er ikkje alltid vi ser resultat med ein gong. På lang sikt vil dei positive ringverknadene gi oss vekst og positiv utvikling.

Statleg prioritering av K5 gir framtidstru og optimisme. Politiske vedtak i samband med budsjetthandsaminga på Stortinget hausten 2022 gir grunn til optimisme. Kommunedirektøren ser ljøs i enden av tunnelen, men òg nokre fartsdumpar på vegen framover. Dei vala Vaksdal kommune tek no vil vere avgjerande for kor ljøs framtida vert.

Dei siste par åra er det sett i gang store byggeprosjekt i kommunen. Ny skule på Vaksdal vart opna hausten 2022. I løpet av hausten 2023 vil nytt helsebygg på Vaksdal bli ferdig. Dette er store investeringar for ein kommune med relativt høg lånegjeld. Kommunedirektøren meiner at framtidsetta kunnskapsbasert satsing på oppvekst- og helse vil gi kommunen rom for å organisere gode tenester for innbyggjarane. Satsinga vil òg gjere kommunen attraktiv i konkurransen om arbeidskrafta i framtida.

Kommunen fekk eit positivt økonomisk resultat i 2022. MEN, kommunedirektøren ser mørke skyer i horisonten. Drifta vår er dyrare enn det vi har til rådvelde innafor inntektsramma. Kraftinntektene våre er utfordra og under press. Vi får neppe behalde kraftinntektene i sin heilskap i 2023. Det blir spennande å sjå kva val sentrale styremakter vil gjere med kraftinntektene i åra framover. Rentekostnadane har auka kraftig i 2022. Reduksjon i kraftinntekter og auka rentekostnader vil vere vanskeleg å bere for Vaksdal kommune.

Drifta er framleis ikkje i balanse i høve inntekter, og det er nødvendig å tilpasse driftsnivået til inntektsgrunnlaget framover. Renteutgiftene stig, og det vil skape press på tenestene. Saman med forventna relativt høge investeringar vil handlingsrommet innsnevrast. Dette krev fokus på omstilling og effektivisering av drifta. Kommunen må omstille seg for strammare rammer i siste delen av 2020-talet. Ein slik prosess blir best om ein startar den før «krybba er tom».

Kompetanse- og kvalitetsutvikling må prioriterast høgt for å levere gode tenester innanfor ramma i framtida. 2022 har vist oss at rekruttering er meir utfordrande enn det tradisjonelt har vore. Utviklingsprogramma både i eigen regi, gjennom samarbeid med andre kommunar, og med ulike forskings- og utviklingsmiljø må prioriterast. Kommunen må organisere arbeidet slik at vi leverer gode tenester og er organisert slik at vi framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar. Vaksdal kommune har fått på plass mange nye løysingar innafor alle sektorar. Utviklingsarbeid og digitalisering må prioriterast høgt framover. Både for å oppretthalde god tenestekvalitet og sikre rekruttering.

For å lukkast er det heilt avgjerande å ha engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse.

Takk til alle som har bidrege til positive resultat i 2022!

Atle Fasteland, kommunedirektør

Økonomi

Vaksdal kommune leverer eit godt økonomisk resultat i 2022, og resultatet visar eit mindreforbruk på 10,6 mill. Sjølv om kommunen gjennom heile året har jobba for å effektivisert drifta for å tilpassa seg endra rammevilkår er resultatet høgt som følgje av regnskapsmessige strykningar i revideringa av årsrekneskapen. Før dette var resultatet 3,8 mill. Totalt sett viser tenestekområda eit meirforbruk, mens auka sentrale inntekter på slutten av året også gjorde at resultatet blei positivt. Korona har spilt ein mindre rolle i 2022 enn i 2021, men kommunen har også dette året hatt utgifter med pandemien som delvis har blitt dekkja gjennom auka overføringar.

Større utfordringar ligg framfor oss i planperioden og utover. Reduserte inntekter som følgje av redusert folketal og høge investeringar vil svekke handlingsrommet og krevje raskare omstillingar. Endringar i alderssammansetninga i kommune gjer at dei kommunale tenestene må endre seg. Isolert sett er den kommunale drifta for høg og reelt resultat for 2022 er positivt fordi kommunen har meirinntekt frå andre faktorar enn den vanlege drifta. Endrings- og utviklingsarbeidet må styrkast for å sikre kompetanse, kvalitet og kostnadseffektiv drift.

Resultat rekneskap og måltal

Driftsrekneskapen visar eit mindreforbruk i 2022 på kr. 10 641 000,-. Mykje av dette kjem frå rekneskapstekniske føringar med strykningar og premieavvik, som ikkje gjenspeiler eit bilde av den kommunale drifta. Dette må takast omsyn til i vurderinga av resultatet. Ekstra skatteinntekter i november bidrog til at skatteinntekta blei 8,8 mill over budsjett. Auken i skatt skuldast imidlertid vekst i både marginoppgjeret og oppgjeret for dei korrigererte fordelingstalla for inntektsåret 2021 og dermed ikkje konjunkturane i 2022. Dvs det var eit eingongstilfelle. Kommunen har også ein inntektsføring på 7,5 mill i premieavvik, som påverkar resultatet, og dette er summar som skal utgiftsførst igjen i dei neste åra. Resultat i 2021 var 21 278 089,-

Før revidering av rekneskapen var resultatet 3,8 mill. I revideringa og jf budsjett og rekneskapsforskrifta, kom det fram forhold som måtte korrigerast, fordi det ikkje var gjort budsjettjusteringar av tiltaka. Tiltaka medførte at til dømes avsetjing til disposisjonsfond var monaleg høgare enn budsjettert beløp og dette måtte korrigerast til budsjettert nivå. Dette gjaldt i stor grad flyktningemidlar som vart avrekna og avsett jan/feb 2023 (for 2022), og desse var då ikkje budsjettert. Dette beløp seg til om lag 4,9 mill i forbetring av resultat etter at denne strykningen var gjennomført. Ein annan rekneskapsmessig føring som måtte gjennomførast i revideringa, var auke i bruk av disposisjonsfond. Dette sjølv om det gjennom året ikkje var brukt like mykje disposisjonsfond som det var budsjettert. Grunnen til dette, var at det ikkje var behov for det, til dømes til asfaltering, som var budsjettert med 2,5 mill, men der var det kun brukt 1,9 mill ved årets slutt. I revideringa måtte vi derfor inntektsføre opp til budsjettert nivå, sjølv om kommunen strengt tatt ikkje trengte det. Denne vart seinare stroke i resultatføringa. Dette er grunnen til at resultatet blei auka frå 3,8 mill til 10,6 mill i revideringa og det er ikkje anbefalt å bruke nokre av midlane utover 3,8 mill då desse allereie er satt av til formål som kommunestyret har bestemt.

I investeringsrekneskapen måtte kommunen gjere tilsvarande føringar, og det gjer at bruk av lån berre kunne rekneskapsførast opp til budsjettert nivå på 61,2 mill, mens reelt skulle det vore om lag 112 mill. Dette gjer at investeringsrekneskapen kjem ut med om lag 41 mill i minus, men dette blir korrigert i 2023. Låna er tatt opp og midlane er på bok, men i og med at det ikkje var budsjettjustert ein høgare bruk av lån enn årets låneopptak, måtte vi stryke alt over. Dette medfører at det må gjerast ein rekneskapsmessig korrigering, og budsjettjustering, på dette i 2023 og målalet for netto

lånegjeld blir for lågt i forhold til reelt (i kostra 2022). Netto lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter visar no om lag 103% mens det før desse rekneskapsmessige korrigeringsane viste 112% i netto lånegjeld.

Brutto driftsresultat viser eit overskot på kr 22.300.967,-. *Brutto driftsresultat er driftsinntekter minus driftsutgifter (inkl. avskrivningar), og viser kommunens ordinære driftsresultat inkl. kapitalkostnader, før ein tek omsyn til finanspostar.* I 2021 var brutto driftsresultat eit overskot på kr 11.580.287,-.


Vaksdal kommune har langsiktige mål for sunn økonomi, og tabellen under viser resultat i 2016-2022. Som tabellen visar er gjelda urovekkande høg. Ved avsetjing av resultat til disposisjonsfond, er måлтаlet for disposisjonsfond over målet, og det er bra.

Økonomiske mål	Langsiktig mål	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Pekepinn på vurdering		
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	4,6 %	5,8 %	3,5 %	3,2 %	4,1 %	3,3 %	4,0 %	> 2%	1-2%	<1%
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Under 50%	52 %	46 %	57 %	89 %	92 %	99 %	103 %	<65%	65-75%	>75%
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (u/amort.fond)	Minst 10%	17,1% (6,3)	19,2 % (8,9%)	18,3% (8,0%)	16,9% (6,89%)	19,4% (7,32%)	21,75%(7,58%)	22,40%(12,28%)	>8%	5-8%	<5%

Netto driftsresultat viser eit overskot på kr 18.490.140,- og dette er opp frå 15,57 mill i 2021. *Netto driftsresultat er brutto driftsresultat korrigert for finanstransaksjonar (rente og avdrag), samt at ein korrigerer for «motpost avskrivningar».* Netto driftsresultatet er 3,9% av brutto driftsinntekter, mot 3,3% i 2021. I planperioden 2023-2026 er dette målet sett til 1,75%, som er i samsvar med statlege tilrådingar for kommunane.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.2022 har hatt ein auke frå 57% i 2018 til 103 % i 2022. Viss vi ser på kommunegruppe 5 og landet utan Oslo er desse redusert frå 2021 til 2022, til 74% for kommunegruppe 5 og 91% for landet utan Oslo, så Vaksdal ligg langt høgare enn desse. *Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fråtrekt utlån og unytta lånemidlar.* Det er venta at nivået i Vaksdal vil auke etter kvart som investeringsprosjekta vert fullført og unytta lånegjeld vert redusert. I 2023 er det venta ein kraftig auke, derfor kommentarane over med dei rekneskapsmessige føringane, og at vi i tillegg vil få auke som følgje av investeringane i 2023 som gjeld tidlegare vedtekne prosjekt. Langsiktig gjeld pr 31.12.2022 er kr 685 092 384,-.

Vedtekne nye investeringar i budsjett 2023 er venta å ikkje føre til ein ytterlegare auke i total lånegjeld ettersom desse investeringane skal finansierast med eigenkapital. Men måлтаlet på netto lånegjeld vil auke då nokre av tidlegare vedtekne investeringar vil finansierast med unytta lånegjeld (lån tatt opp i tidlegare år). Dersom nye prosjekt blir vedteke i løpet av 2023 vil den totale lånegjelda auke igjen. Landet utanom Oslo og gruppe 5 har 2 år med reduserte nivå på netto lånegjeld mens auken som Vaksdal har hatt er alarmerande. Med stigande rente og ein forventning om at renta vil bli liggande på eit høgt nivå, vil dette redusere handlingsrommet i åra framover og redusere bevilgningane til tenestene.



KS om kommuneøkonomien i 2022:

Både 2021 og 2022 har vært kjennetegnet av sterk vekst i skatteinntektene og sterk prisvekst. Resultatnivået og resultatutviklingen må sees i lys av dette.

- Stor skatteinngang, særlig på slutten av året, bidrar til positivt resultat for kommuner og fylkeskommuner i 2022. Hadde vi ikke fått de ekstra skatteinntektene hadde vi nok fått mange kommuner med svake resultater, sier Rune Bye, avdelingsdirektør for kommuneøkonomi i KS.

- Spesialrådgiver Sigmund Engdal og rådgiver Johanne Olaussen, som har utført regnskapsundersøkelsen, legger til at 2022 var et krevende år med høy prisvekst.

191 kommuner, som har 74,7 prosent av befolkningen utenom Oslo, har svart på undersøkelsen. Disse kommunene har et netto driftsresultat på 2,5 prosent, mot 4,2 prosent i 2021.

Pr 31.12.2022 var disposisjonsfondet kr 106.804.278, dette er 22,40 % av brutto driftsinntekter, og er rekna som eit sunt nivå. Dersom ein tar ut resultatet er fondet 20,18%, som er opp frå 17,17% i 2021. Etter den nye forskrifta for kommunerekneskap skal eit eventuelt mindreforbruk avsettast på disposisjonsfond før politisk behandling. Tidlegare var dette avsett på ein resultatkonto i balansen som ikkje var i kontoklasse med disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er derfor auka meir siste åra grunna nye reglar for føring av rekneskapen.

Grunna eit stort oppsamla premieavvik, er det i seinare år sett av midlar tilsvarende premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjør ein stor del av disposisjonsfondet vårt. Ser vi bort frå amortiseringsfondet er disposisjonsfondet 10,85 % av brutto driftsinntekter. Dette er rekna som eit bra nivå på disposisjonsfondet, sett mot brutto driftsinntekter.

Renteutgiftene har auka kraftig i 2022. I 2021 belasta renteutgiftene rekneskapen med 7,15 mill mens rekneskapen er belasta med 12 mill i renteutgifter i 2022. Dette er ein følge av auka lånegjeld dei siste åra samtidig at renta har auka kraftig. Ved inngangen til året var Noregs bank sin styringsrente 0,5% og ved utgangen var den 2,75%. Dette gjer utslag i rentekostnaden til

Rentebeslutninger

OFFENTLIGGJØRING	STYRINGSRENTE
19.01.2023	2,75
15.12.2022	2,75
03.11.2022	2,50
22.09.2022	2,25
18.08.2022	1,75
23.06.2022	1,25
05.05.2022	0,75
24.03.2022	0,75
20.01.2022	0,50

kommunen og dei refinansieringane som kommunen har gjort i tidlegare år, med korte sertifikatlån, for å få ned rentebelastinga, har ikkje vore mogeleg i 2022 fordi renta på korte lån også har auka kraftig. Det er venta at renta skal stige ytterlegare i 2023, som igjen vil føre til auka rentekostnader.

Avsetjingar og bruk av fond

Årets rekneskapsmessige mindreforbruk på 10,6 mill er avsett til disposisjonsfond ved å gjennomføre strykningar, jf strykningsreglane og kommentarar tidlegare.

Bundne driftsfond blir brukt etter forbruk og avsett/teken til/frå fond, uavhengig av om det er budsjettert eller ikkje, då bundne midlar skal fylgje det formålet dei er mottekne til. I investeringsrekneskapen er det avsett ekstra innbetalingar på startlån til bunde fond for innbetaling til Husbanken i 2023.

Det er avsett 3,72 mill. frå konsesjonsavgifter. Av dette vart 1,0 mill. overført til Næringssselskapet og 451 000,- vart nytta til renter/avdrag Daletunet. Deler av inntektene skal tilførast ulike fond for vilt, fiske og landbruk. Om lag 131 000,- vart brukt av bundne fond på VAR områda. Vatn området har underskot og dette er ført mot memoria og vil bli dekt inn i seinare år. VAR området generelt følgjer plan for desse fonda.

Frå ubunde investeringsfond er det nytta kr 1,0 mill. til eigenkapitalinnskot i KLP.

Det er overført 9,44 mill. frå drift til kapitalbudsjettet.

Status fond

Fondstype	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Disposisjonsfond	56 539 011	67 533 681	67 423 402	70 648 429	82 864 459	79 270 060	74 350 860	86 381 319	100 930 762	106 804 278
Bundne driftsfond- k.to 2.51	28 350 136	37 198 718	37 079 499	40 262 063	38 389 169	40 004 568	41 431 433	41 970 608	40 543 254	43 717 218
Ubundne investeringsfond – k.to 2,53	42 143 911	39 786 674	39 561 643	41 932 470	41 614 791	34 342 833	32 002 821	29 865 971	28 038 350	23 142 082
Bundne investeringsfond – k.to 2.55	8 488 193	4 007 774	4 629 879	5 786 471	4 797 626	3 539 875	4 600 135	6 975 925	6 322 381	5 725 055
Udekket beløp i investeringsrekneskapen 2.597										-41 214 848
Totalt fond pr. 31/12	135 521 251	148 526 847	148 694 423	158 629 433	167 666 045	157 157 337	152 385 249	165 193 823	175 834 746	138 173 785

Rekneskapen 2022


Forslag til nytt inntektssystem blei lagt ut på høyring til kommunane i 2022 med frist ved årsskiftet. Fram til offentleggjeringa har eit nedsett inntektssystemutval jobba fram forslaget som er omfattande, og består av mange faktorar. Det som er viktigast for Vaksdal kommune er dei forelåtte endringar i kraftinntektene, kor Vaksdal vil få betydeleg reduserte inntekter som følgje av forslaget. Vaksdal kommunestyre vedtok høyringsvar i sak 97/2022 den 13.12.22 og dette blei sendt inn. I høyringsvaret er Vaksdal kommune sterkt kritisk til forslaget og framhevar dei negative konsekvensane dette vil få, dersom det blir vedteke.

Etter at høyringsdokumenta blei lagt ut, endra regjeringa i september delar av skattesystemet i sitt arbeid med statsbudsjettet for 2023. Dette har ikkje fått konsekvensar for 2022 rekneskapen men får betydelege konsekvensar for 2023 og eventuelt for åra framover.

Begge desse to forslaga skapar usikre rammevilkår for åra framover. Både demografiske endringar og endring i egne inntekter frå vasskraft har gitt, og vil gi, kommunen eit inntektsbortfall i åra som har vært og åra som kjem. Men mykje er avhengig av korleis kraftprisane utviklar seg og dette vil påverke både eigedomsskatten og konsesjonskraftinntektene, samt om regjeringa tar delar av denne inntekta.

Frie inntekter - rammetilskot og skatt

Frie inntekter er rammetilskot og skatteinntekter på inntekt og formue. Desse inntektene disponerer kommunen fritt til både lovpålagte og andre oppgåver.



Rammetilskotet består av innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, distriktstilskot og skjønsmidlar. I tillegg vert det gjennom rammetilskotsordninga gjort ei inntektsutjamning.

Veksten i frie inntekter pr innbyggjar for Vaksdal kommune frå 2021 til 2022 var 1,71 %, mot 4,88% for landet u/Oslo. Til samanlikning er veksten i Kommunegruppe 5 på 3,04 %.

Veksten i Vaksdal samanlikna med dei andre gruppene må sjåast i samanheng med reduksjon i folketalet. Når det er færre å dele på vil %-vis endring auke når ein ser på inntektsendring pr innbyggjar.

Skatteveksten frå 2021 til 2022 har for kommunenorge vært høg. Snittauken i alle landets kommunar ligg på 12,7 % mens det i Vaksdal kun var ein 4,8% auke frå 2021. Endringa frå 2020 til 2021 var til samanlikning ein auke på 10%. Spesielt årets siste 2 månader var inntekta stor innan skatt i 2022. Økningen skuldast vekst i både marginoppgjæret og oppgjæret for dei korrigererte fordelingsstalla for inntektsåret 2021 og dermed ikkje konjunkturane i 2022. Dvs det var eit eingongstilfelle. Total meirinntekt på skatt var i 2022 8,8 mill. Rammetilskot hadde ein meirinntekt på omlag 10 mill og mykje av dette er inntekter frå korona, 1 halvår.

Folketal

Pr 01.01 i gjeldande år.

År	2010	2015	2020	2021	2022	2023
Pr 01.01 i året	4107	4096	3977	3918	3867	3875
Endring frå året før	-3	-44	-68	-59	-51	8
Endring i %	-0,10 %	-1,10 %	-1,68 %	-1,48 %	-1,30 %	0,21 %

Siste 10 åra har det vore nedgang i det totale folketalet i kommunen, og fordelinga mellom kvinner og menn er tilnærma lik pr. 01.01.2023, med 50,6% andel menn og 49,4% andel kvinner. Nedgangen har vore stor dei siste åra men i 2022 har innbyggjartalet auka. Dette har samband med at kommunen har tatt imot flyktningar frå Ukraina. Den prosentvise nedgangen dei siste 4 åra er monaleg større enn åra før, men frå 2021 til 2022 var det ein auke. I perioden 2009-2017 busette kommunen flyktningar etter nasjonalt introduksjonsprogram. I 2017 vart det busett 37 personar. Etter dette og fram mot 2022 var det stabilt nedgang i folketalet, fram til dette har snudd i 2022 då kommunen igjen har tatt imot flyktningar.

Ser vi på folketalssamansetninga frå 2010 og fram til i dag ser vi at det er nedgang i alle aldersgrupper unntatt dei over 67 år. Det er grunn til uro over den store nedgangen i dei minste aldersgruppene. Det er venta at andelen eldre vil auke monaleg dersom ein ser 10 år fram i tid og dette vil skape press på tenestene.

Aldersgruppe	År 2010		År 2020		År 2023		Endring 2010-2023		Endring 2020-2023	
	Folketal	Fordeling	Folketal	Fordeling	Folketal	Fordeling	Folketal	Endring i %	Folketal	Endring i %
0-5 år	289	7,0 %	269	6,8 %	205	5,2 %	-84	-29,07 %	-64	-23,79 %
6-15 år	510	12,4 %	475	11,9 %	480	12,3 %	-30	-5,88 %	5	1,05 %
16-19 år	227	5,5 %	193	4,9 %	171	4,4 %	-56	-24,67 %	-22	-11,40 %
20-66 år	2277	55,4 %	2232	56,1 %	2206	56,3 %	-71	-3,12 %	-26	-1,16 %
67 år eller eldre	804	19,6 %	808	20,3 %	813	20,8 %	9	1,12 %	5	0,62 %
Sum	4107		3977		3875		-232		-102	

Folketal og inntekter er knytt nært saman. Dei største delane av rammeoverføringane er innbyggjartilskot og utgiftsutjamning. Innbyggjartilskotet er det same pr innbyggjar for alle kommunar.

Gjennom utgiftsutjamninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved bruk av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lavt berekna utgiftsbehov til kommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Utgiftsutjamningen skal gje kompensasjon for ulikheiter i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påverke sjølv.

Behovsindeksen fortel noko om kor dyr ein kommune er å drive samanlikna med landsgjennomsnittet.

Den samla behovsindeksen er utrekna ved hjelp av eit sett kriteria og vektorer som seier noko om kvifor kommunane sine utgifter varierer, og vert nytta til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga.

Samla har Vaksdal ein behovsindeks som no er 1,1677. Dette betyr at kommunen får meir pr innbyggjar en landsnittet. Dette er ein nedgang frå året før då den var 1,1969 og dette har mellom anna samanheng med dei faktorar som Vaksdal scorar høgt på er blitt lågare vekta (for eksempel reiseavstand til sonesenter og nabokrets). Store deler av utgiftsutjamninga er knytt til alderssamansetjinga i kommunen og sosiale faktorar.

Som vist i uttrekket er det spesielt for innbyggjarar over 67 år at Vaksdal kommune skil seg ut, og vert kompensert deretter. Vaksdal Kommunen blir også kompensert for geografiske avstandar som at kommunen har reiseavstand til sonesenter og nabokretsar. Men vi ser at desse faktorane blir vekta lågare og lågare mellom åra.

Kriterium	Vekt	Kriterieindeks
Innbyggere 0-1 år	0,0057	0,7959
Innbyggere 2-5 år	0,1361	0,9309
Innbyggere 6-15 år	0,2645	1,0141
Innbyggere 16-22 år	0,0236	0,9665
Innbyggere 23-66 år	0,1049	0,9300
Innbyggere 67-79 år	0,0567	1,1989
Innbyggere 80-89 år	0,0767	1,4232
Innbyggere 90 år og over	0,0385	2,1527
Landbrukskriterium	0,0021	1,7153
Reiseavstand til nærmeste sonesenter	0,01	3,5677
Reiseavstand til nærmeste nabokrets	0,01	1,4074

Landsgjennomsnitt = 1

	Landet uten Oslo		4628 Vaksdal		KOSTRA-gruppe 5	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022
Innbyggere (antall)	4 725 443	4 779 947	3 867	3 875	114 745	115 959
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	9,8	9,0	6,5	8,0	8,1	8,1
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	8,0	8,7	11,4	13,9	10,9	12,0
Netto innflytting (antall)	22 528	53 251	34	30	225	1 684
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	10,4	10,2	8,6	9,0	9,8	9,7
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	60,2	59,3	69,9	66,5	62,7	62,0
Andel med innvandrerbakgrunn (prosent)	16,7	17,7	11,4	12,6	10,9	12,3

SSB: Kostra Befolkningsprofil pr 31.12

Andre inntekter

Vaksdal har inntekter knytt til vasskraftressursar. Kommunen har konsesjonskraft som delvis vert nytta til eige bruk, og delvis vert omsett i marknaden. Varierende kraftprisar har medført at dei kraftrelaterte inntektene til kommunen har svinga dei seinare åra. Konsesjonskrafta for 2022 vart seld på årskontrakt på kraftbørsen hausten 2021 og denne vart selt til ein høgare pris enn vi har fått dei siste åra. Totalt gav posten, som forventa og budsjettert, ein inntekt på 18,3 mill mot 4,4 mill i 2021. Inntektene svingar frå år til år og kommunestyret har vedtatt ein handlingsregel for korleis gevinsten skal nyttast utanom løpande drift.



Kommunen har hatt eigedomsskatt for alle eigedommar sidan 2010, og det blei føretatt ny taksering frå 2020. Eigedomsskatt frå kraftverk har utgjort størstedelen av inntektene. Likningsgrunnlaget for eigedomsskatt frå vasskraft er m.a. basert på gjennomsnittlege kraftprisar siste 5 år, og i dei siste åra

har kommunen opplevd varierende prognosar frå vasskraftverk. Prognosane får kommunen frå Eviny. Inntektene frå eigedomsskatt er nytta i drifta og til investeringar, og har dekkja kostnader utover det behovet dei frie inntektene kan dekke.

Samla inntekter frå eigedomsskatt er kr 38,7 mill. og fordeler seg på 10,9 mill. frå bustader og fritidsbustader og 27,8 mill. frå kraft og næring m.v. Inntekta frå eigedomsskatt var i 2021 40,9 mill. Inntekta frå bustad og fritid vil være stabil i åra som kjem mens inntekta frå kraft og næring er forventa å variere meir mellom åra.

Pensjonskostnader og premieavvik

Premieavvik er differanse mellom årets betalte pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Pensjonspremiar skal dekke dei auka pensjonsforpliktingane som har påløpt i løpet av året, og vert berekna etter ordinære aktuarvessige prinsipp.

Årets premieavvik, med fråtrekk av tidlegare amortisert avvik, gjer ein auke på om lag 7,43 mill, og dette er inntektsført i drifta. Dette bidreg til at det rekneskapsmessige resultatet går monaleg opp men har ikkje noko med drifta i Vaksdal kommune å gjere. Pr 31.12.2021 har kommunen eit oppsamla premieavvik på kr 45.470.698,- som skal kostnadsførast og avskrivast over hhv 15, 10 og 7 år.

Kommunen har eit stort oppsamla premieavvik samanlikna med andre kommunar, men oppbygging av eit amortiseringsfond for å dekke inn dette, har vore eit godt strategisk grep. Amortiseringsfondet kan også nyttast til å dekke tap på aksjar og obligasjonar. Amortiseringsfondet vart oppretta i 2007, og pr 31.12.2022 er dette fondet kr 44.473.113. Avvik frå årets premieavvik og amortisert avvik vert forutsett dekkja frå fondet. Og ettersom oppsamla premieavvik pr 31.12.22 er større enn fondet, er det anbefalt å bygge opp fondet til premieavvikets størrelse. Premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik medfører ingen likviditetsmessige endringar men påverkar årets resultat.

Samla pensjonsforplikting i balansen er kr 584.768.797,-. Det vert elles vist til note 3.

Amortisering av premieavvik tidlegare år	Premieavvik 7 år	Premieavvik 10 år	Premieavvik 15 år	Sum
Akkumulert premieavvik per 31.12. i fjor	25 523 532	2 311 313	5 497 814	
Tidlegare amortisert premieavvik				
Premieavvik per 01.01. i år	25 523 532	2 311 313	5 497 814	33 332 659
Premieavvik i året	14 556 393			14 556 393
Amortisering i året av premieavvik tidlegare år	-4 686 353	-1 441 773	-1 909 306	-8 037 432
Premieavvik per 31.12. i år	35 393 572	869 540	3 588 508	39 851 620
Arbeidsgevaravgift premieavvik	4 990 494	122 605	505 980	5 619 078
Premieavvik inkl. arbeidsgevaravgift	40 384 066	992 145	4 094 488	45 470 698

Finansinntekter og utgifter

Finans	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik
Renteinntekter	3 740 439	1 500 000	2 240 439
Utbytter	4 637 825	2 872 000	1 765 825
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-971 474	1 500 000	-2 471 474
Renteutgifter	-12 038 161	-10 600 000	-1 438 161
Avdrag på lån	-34 002 124	-34 000 000	-2 124
Netto finansutgifter	-38 633 495	-38 728 000	94 505

Renteinntekter og utbytte frå andre selskap blei 4,0 mill. betre enn budsjettet. Ein årsak til at renteinntektene vart så høge er at det generelle rentenivået i 2022 også er auka på innskot. Utbytte

frå Eviny i rekneskapsåret 2022 vart 3,4 mill., og er atskilleg høgare enn forespeila (2,072''). Frå BIR vart det i 2021 ikkje gitt noko utbytte mens det i 2022 kom 0,9 mill.

For budsjett 2022 vart det budsjettert med ein netto gevinst på finansielle instrument, på 1,5 mill. Resultatet blei -0,971 mill og avviket er derfor på om lag -2,5 mill. Porteføljjen svingar i verdi i takt med marknaden generelt og året 2022 hadde ein generell nedgang. Benchmark viser store avvik i forhold til porteføljjen men samanlikningen gir ikkje eit rett bilde av forholdet. Alternativ benchmark gjer eit betre bilde og den visar at Vaksdal sin portefølje har klart seg godt i ein vanskeleg marknad. Resultatet gjer ikkje ein likviditetseffekt men reduserer resultatet til kommunen.

Frå finansrapporten 2022, Bergen Capital Management (Forvaltar)

Per siste tertial er totalavkastningen -1,06% , dette er 0,29% - poeng over benchmark. I perioden har midlene vært plassert i rentebærende verdipapirer med kort durasjon og høy kredittkvalitet, samt egenkapitalbevis i norske sparebanker / aksjer i norske børsnoterte selskaper / internasjonale fond.


Egenkapitalbevis/aksjer/internasjonale fond har levert avkastning på -11,68%, dette er -13,68% - poeng under indeks. Obligasjoner har gitt en avkastning på 1,69% , dette er 3,64% - poeng over benchmark som er norske statsobligasjoner med durasjon på 3 år. Avvik på obligasjoner skyldes at vi har kortere durasjon og høyere kredittrisiko enn benchmark. Det er oppstått avvik mot aksjebenchmark fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har en annen sammensetning, blant annet et stort innslag av utenlandske fondsplasseringer. Benchmark, som er OBX, består av de 25 mest omsatte aksjene på Oslo Børs.

Aktivklasse	I %	Benchmark	Avvik
Aksjer	-11,68 %	2,00 %	-13,68 %
Sertifikater/obligasjoner	1,69 %	-1,94 %	3,63 %
Totalt	-1,06 %	-1,35 %	0,29 %

Avvik som er mellom aksjebenchmark, som er Oslo Børs (OBX), og Vaksdal kommune er fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har ei anna samansetjing. Porteføljjen består av aksjar noterte på OBX lista og aksjefond som investerer globalt.

Kostnadane til renter har vorte høgare enn budsjettert, som følgje av ein aukande rente. Dette har resultert i eit negativt avvik på 1,4 mill mot budsjett. Lån er refinansierte med høgare rente i løpet av året og det har vore mange refinansieringar i løpet av 2022. Tidlegare har kommunen oppnådd låge rentekostnader som følgje av korte lån, men også desse låna er no dyre.

Avdrag har vorte betalt og kostnadsført i samsvar med vedteke budsjett og kontrollert mot minimumsavdrag. Vaksdal kommune nyttar Bergen Capital Management (BCM) i samband med låneopptak. Det vert vist til vedlagt finansrapport frå BCM for ytterlegare detaljar.



Rentebindingstida er auka i 2022. Dette betyr at lån pr desember har høgare bindingstid enn låna hadde i starten av året, dvs. det er fleire lange lån ved utgangen av året. Dette er gjort for å sikre seg mot ytterlegare hevingar framover.

Langsiktig lånegjeld

Den langsiktige lånegjelda har auka med omlag kr 29 millionar i 2022, som er betydeleg mindre enn dei føregåande åra. Auken i lånegjeld frå 2018 til 2022 er på om lag 86% og det er svært høgt. Til samanlikning har dei frie inntektene pr innbyggjar auka med 1,71% frå 2021. Avdrag på 34 mill er kostnadsført i drifta og oppfyller kravet til minimumsavdrag. I 2022 er det overført vel 9,44 mill. frå drift til investering. Handlingsregel for bruk av konsesjonskraft er døme på tiltak for å bruke «vekslande» inntekter til investeringar i staden for løpande drift.

	Pr 31.12.14	Pr 31.12.15	Pr 31.12.16	Pr 31.12.17	Pr 31.12.18	Pr 31.12.19	Pr 31.12.20	Pr 31.12.21	Pr 31.12.22
Husbanken	38 507 097	38 012 144	37 166 940	34 821 247	34 107 453	34 240 856	37 672 971	35 927 067	39 541 384
Kommunekreditt/KLP	10 075 000	-		0	0	149 316 000	154 216 000	149 316 000	149 316 000
Kommunalbanken	152 668 554	161 365 536	108 249 246	270 331 490	185 503 000	185 503 000	162 703 000	242 703 000	242 703 000
Sertifikatlån	45 810 000	55 560 000	151 483 000	0	145 252 000	145 252 000	231 962 000	228 312 000	253 532 000
Sum lån i bank	247 060 651	254 937 680	296 899 186	305 152 737	364 862 453	514 311 856	586 553 971	656 258 067	685 092 384
Andre lån	3 208 249	3 029 661	2 999 854	2 999 854	2 999 854	2 999 854	0	0	0
Sum lån	250 268 900	257 967 341	299 899 040	308 152 591	367 862 307	517 311 710	586 553 971	656 258 067	685 092 384
%- vis endring frå året før		3,08 %	16,25 %	2,75 %	19,38 %	40,63 %	13,39 %	11,88 %	4,39 %

Note 6 viser langsiktig gjeld og avdrag på lån.

Korona

Også 2022 har vore eit år som har blitt påverka av korona, men i mindre grad enn dei føregåande åra. Kostnadane som er opparbeida er stort sett frå dei 4 første månadane av året.

I 2022 er rekneskapen belasta med kostnader som er oppstått som følge av pandemien. Samanlikna med 2021 er kostnadane redusert kraftig.

Kostnader Korona			Values	
Tenesteområde	Rapp.Ko	Rapp. Konto t	Regnskap 2022	Regnskap 2021
År: 2022, Prosjekt: D99004, Måned: (Flere eller færre), Kostra kode: All				
Fellesområde Økonomi	A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	225 906	1 140 926
	B1	Driftsutgifter uten løn		2 764
	D1	Øvrige refusjonar og inntekter		-533
Fellesområde Økonomi Totalt			225 906	1 143 157
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn	A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	185 213	1 266 391
	B1	Driftsutgifter uten løn	1 298	193 005
	D1	Øvrige refusjonar og inntekter	-760	-37 108
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn Totalt			186 251	1 422 288
Tenesteområde Helse og Melstring	A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	5 594 786	9 722 982
	B1	Driftsutgifter uten løn	6 21 689	1 082 506
	D1	Øvrige refusjonar og inntekter	-1 008 814	-133 162
Tenesteområde Helse og Melstring Totalt			6 115 661	10 672 326
Tenesteområde oppvekst og kultur	A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	843 331	3 942 075
	B1	Driftsutgifter uten løn	206	256 921
	D1	Øvrige refusjonar og inntekter	-41	-1 422
Tenesteområde oppvekst og kultur Totalt			843 496	4 197 574
Totalsum			7 371 314	17 435 345

Refunderte inntekter for 2022 beløper seg til 3,5 mill i koronarefusjon + 0,7 mill i refusjon for vaksiner. Desse midlane har auka inntektsposten rammetilskot. Vaksdal kommune sit då igjen med ein kostnad med pandemien i 2022 på ca 3,1 mill, som ikkje er dekkja.

Analyse

Horisontal analyse av balansen

Ved å sjå på utviklingstrekk i balansen over fleire år kan vi tolke korleis økonomien i kommunen utviklar seg og kva området som endrar seg meir eller mindre i forhold til andre.

Balansen til Vaksdal Kommune viser følgjande utvikling med basisår 2016.

Oversikt - balanse	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Regnskap 2017	Regnskap 2016
EIENDELER							
Anleggsmidler	164,50 %	150,00 %	146,07 %	135,71 %	118,72 %	106,45 %	100,00 %
Omløpsmidler	138,02 %	145,42 %	130,73 %	121,28 %	112,10 %	108,31 %	100,00 %
SUM EIENDELER	158,72 %	149,00 %	142,73 %	132,57 %	117,27 %	106,86 %	100,00 %
EGENKAPITAL OG GJELD							
Egenkapital	188,14 %	177,23 %	169,19 %	136,62 %	133,19 %	119,08 %	100,00 %
Langsiktig gjeld	147,97 %	139,58 %	134,04 %	130,12 %	110,69 %	102,95 %	100,00 %
Kortsiktig gjeld	137,89 %	116,26 %	110,03 %	143,35 %	116,75 %	90,19 %	100,00 %
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	158,72 %	149,00 %	142,73 %	132,57 %	117,27 %	106,86 %	100,00 %

Anleggsmidler

Anleggsmidler inneheld aktivering av dei investeringane som kommunen gjer, aksjar og andelar, utlån og pensjonsmidlar. Hovudgrunnen til auken i anleggsmidler er ein kraftig auke i aktivering av faste eigedomar/anlegg og utstyr/maskiner/transportmidlar. Hovudauken kjem får faste eigedomar. Dette har skjedd som ein følgje av at kommunen har investert mykje dei siste åra og verdien på det som kommunen eig har derfor auka. Spesielt ser vi dette etter 2018 kor vi fekk eit hopp i anleggsmidler i takt med investeringane som blei iverksett då. Ein konsekvens av dette er at avskrivningane aukar (ikkje effekt på netto driftsresultat) og kommunen får ein auke i kapitalutgifter (har effekt på netto driftsresultat), som følgje av at lite av denne auken i anleggsmidler er finansiert av egenkapital, men av lånte midlar.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar inneheld kortsiktige fordringar, premieavvik, finansporteføljen og bankinnskot. Kortsiktige fordringar er nokolunde stabil gjennom heile perioden men har ein svak auke i tidsperioden. Finansporteføljen har sidan 2016 vist ein jamn og god auke, spesielt delen som er plassert i aksjar og andelar. Dette har bidrege positivt til kommunen sitt rekneskapsmessige resultat ettersom det er verdiendringa som blir rekneskapsført. I 2022 har denne auken stoppa opp og aksjar og andelar har visst ein nedgang frå 2021. Bankinnskot har gått ned med om lag 16% i 2022 og dette har samanheng med at investeringar som det i tidlegare år er tatt opp lån på, no begynner å bli ferdig og betalt ut.

Eigenkapital

Eigenkapital i eit kommunerekneskap består i hovudsak at 2 parameter og det er kapitalkonto og fond. Kapitalkonto er ein berekna størrelse som seier noko om utvikling i anleggsmidler justert for langsiktig gjeld og ubrukne lånemidlar. Den tek også inn endringar i pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar i framtida, og denne er aukande. Når det gjeld fonda isolert sett så har dei ein nedgang med om lag 19% i perioden 2016-2022. Dette må sjåast i samanheng med det rekneskapsmessige meirforbruket i investering som vil bli korrigert i 2023. Lånegjelda har auka med 128% i same perioden. Det vil sei at kommunen sin robustheit og evne til å takle svingingar i andre parameter, er svekka.

Gjeld

Langsiktig og kortsiktig gjeld er aukande. Dette har samanheng med den aukande investeringstakten som kommunen har hatt, og når investeringane for ein stor del vert finansiert med lån, så slår dette ut i balansen også. Dette kan sjåast i samanheng med auken i anleggsmiddel då dette kan sjåast på

som ein motposten til denne auken.

Ein horisontal analyse av hovudstørrelsane i drifta viser følgjande utvikling med basisår 2016.

Økonomiske oversikter	Horisontal analyse						
	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Regnskap 2017	Regnskap 2016
Økonomisk oversikt - drift							
Sum driftsinntekter	115,52 %	112,42 %	109,99 %	105,11 %	105,42 %	104,74 %	100,00 %
Sum driftsutgifter	113,70 %	113,18 %	110,71 %	105,56 %	105,98 %	103,22 %	100,00 %
Brutto driftsresultat	171,42 %	89,01 %	87,92 %	91,32 %	88,42 %	151,45 %	100,00 %
Sum eksterne finansinntekter	67,15 %	78,18 %	65,86 %	100,38 %	69,26 %	74,68 %	100,00 %
Sum eksterne finansutgifter	200,80 %	166,90 %	131,63 %	141,39 %	107,34 %	90,66 %	100,00 %
Resultat eksterne finanstransaksjoner	353,31 %	268,13 %	206,69 %	188,17 %	150,79 %	108,91 %	100,00 %
Netto driftsresultat	97,98 %	82,52 %	97,04 %	74,59 %	79,37 %	130,43 %	100,00 %

Sum driftsinntekter og driftsutgifter utviklar seg nokolunde likt over tid og det er små variasjonar mellom åra. Tidlegare år var det dei «vanlege» driftsutgiftene (kjøp av varer og tenester) som auka mest mens siste året er det løn og sosial kostnader som står for største kostnadsauken. Kjøp av varer og tenester har stabilisert seg. Derfor har ikkje sum driftsutgifter auka meir enn det som kjem fram i tabellen over og er dermed i takt med inntektsauken.

Finansinntekter varierer frå år til år og i perioden 2016-2022 visar det ein nedgang. Delar av forklaringa er at finansporteføljen ikkje har same positive utvikling i 2022 som i tidlegare år. Renteinntekta har bidrege positiv som følgje av at kommunen har pengar på bok, og har nytt godt av at renta har stege. Deler av bankinnskottet er plassert på konto med høgare rente enn «vanleg» bankkonto i påvente av at likviditeten vert meir pressa når investeringsprosjekta vert fullført. Finansutgifter fortsett å stige og både avdrag og renteutgifter har ein kraftig auke i samanlikningsperioden. Med stigande rente og aukande lånegjeld får kommunen no full effekt av dette i rekneskapen. Tiltaket som er brukt tidlegare år med å ta opp korte lån og refinansiere ofte har ikkje effekt lenger då også dei korte låna har høg rente.

Resultat eksterne finanstransaksjonar (negativt tall) er summen at finansinntekter og finansutgifter og denne har ein høg prosentvis auke siste åra og dette skuldast auke i kapitalutgifter som følgje av auka låneopptak som nemnd over.

Netto driftsresultat har i perioden vært nokonlunde stabilt og kommunen ligg godt over kravet om 1,75% som er målalet på netto driftsresultat. Prosenttalet i auke frå år til år kan vere litt misvisande, då sjølv talet ikkje er så høgt og ei endring på nokre få millionar gjer store utslag prosentvis. Men kommunen har eit godt nivå på netto driftsresultat og det er viktig å halde på dette framover.

Konsolidert rekneskap

Frå 2020 skal kommunane levere konsolidert rekneskap, jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv., kapittel 10. I Vaksdal kommune inneheld det konsoliderte rekneskapen, både rekneskap til Vaksdal kommune og Vaksdal arbeids og opplæringscenter (AO-senteret) slått saman og eliminert for transaksjonar mellom selskapa som skal eliminerast. Rekneskap og notar er vedlagt årsberetninga til Vaksdal kommune, sjå vedlegg.

Obligatoriske skjema og oversiktar

Rekneskapskjema § 5-4 – drift gir ei samla oppstilling av frie disponible inntekter, renter og avdrag, avsetningar, fordeling til investering og drift og meir/mindreforbruk.

Bevilgningsoversikt - drift (regnskap) §5-4	Regnskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Rammetilskudd	181 460 384	171 131 000	171 131 000	181 361 225
Innteks- og formueskatt	124 052 685	115 229 000	115 229 000	118 388 250
Eiendomsskatt	38 707 364	38 300 000	38 300 000	40 982 356
Andre generelle driftsinntekter	7 453 776	7 983 000	7 983 000	8 704 864
Konsesjonskraft	18 373 949	17 326 000	17 326 000	4 432 243
Sum generelle driftsinntekter	370 048 158	349 969 000	349 969 000	353 868 938
Sum bevilgninger drift, netto	312 856 142	294 908 000	294 908 000	300 016 250
Kostnader finansiert ved bruk av fond i einingene	26 218	8 332 516	4 764 000	8 923 149
Finansføringer på tenesteområda	42 048	1 982 700	1 983 000	37 844
Avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
Sum netto driftsutgifter	347 747 178	342 023 216	338 455 000	342 288 535
Brutto driftsresultat	22 300 980	7 945 784	11 514 000	11 580 403
Renteinntekter	3 740 439	1 500 000	1 500 000	1 144 509
Utbytter	4 637 825	2 872 000	2 872 000	3 248 620
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 971 474	1 500 000	1 500 000	5 361 724
Renteutgifter	12 038 161	10 600 000	10 600 000	7 156 278
Avdrag på lån	34 002 124	34 000 000	34 000 000	31 917 905
Netto finansutgifter	- 38 633 495	- 38 728 000	- 38 728 000	- 29 319 330
Motpost avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
Netto driftsresultat	18 490 140	6 017 784	9 586 000	15 572 250
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	- 9 442 761	- 9 442 761	- 7 550 000	- 2 450 161
Avsetning til bundne driftsfond	- 6 476 538	- 5 060 000	- 5 060 000	- 5 174 650
Bruk av bundne driftsfond	3 302 574	3 720 354	3 110 000	6 602 003
Avsetning til disposisjonsfond	- 5 873 517	- 4 795 000	- 4 775 000	- 14 549 442
Bruk av disposisjonsfond	-	9 562 523	4 689 000	
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 18 490 242	- 6 014 884	- 9 586 000	- 15 572 250
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Oversikt over løyvingar – driftsbudsjettet viser fordeling per rammeområde (Forskriftas §5-4 annet ledd)

Tenesteområde	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Corona	Regnskap 2021
Fellesområde Økonomi	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn	48 502 169	45 378 000	-3 124 169	-186 251	39 685 418
Tenesteområde Helse og Meistring	146 795 960	132 937 999	-13 857 961	-6 115 661	137 680 021
Tenesteområde oppvekst og kultur	105 701 679	99 463 885	-6 237 794	-843 496	109 135 610
Totalsum	312 856 142	294 908 000	-17 948 142	-7 371 314	305 722 145

Investeringar

Felles økonomi

Arkivprosjektet i samarbeid med interkommunalt arkiv held fram. Fellesprosjekta innan IKT/Digitalisering er i samsvar med planen. Satsinga gjev gevinstar for tenester, kvalitet og økonomi. Innbyggartenester og samhandlingsløysingar har høg prioritet. Det har kome fleire nye verktøy innan oppvekst og helse, nye sikkerheitsløysingar innan IKT drift og større prosjekt som arkivkjerne og nye saksystem er sette i gang.

Helse og omsorg

Arbeidet med nytt helse og omsorgsbygg på Vaksdal har pågått gjennom heile året. Bygget skal stå ferdig hausten 2023. Prosjektet har vorte litt forseinka m.a. grunna leveringsvanskar på enkelte varer.

Oppvekst

Ny skule på Vaksdal vart ferdig og tatt i bruk ved skulestart. Midlane til uteområde er m.a. brukt på Stanghelle barnehage.

Samfunn

Arbeidet med ny brannstasjon på Vaksdal vart noko meir omfattande enn føresett pga. krava til ulike funksjonar i eit slikt bygg. Utover hausten har bil og mannskap gradvis kunne ta bygget i bruk. Offisiell opning vert i 2023.

Arbeid med enøktiltak, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg pågår for fullt for å ta igjen etterslep etter åra med pandemi. Til dømes er det gjort eit større arbeid i på bustadane i Sveabrekka på Stamnes og enøktiltak på helsehuset på Dale.

Planarbeidet knytt til områdeplan for Vaksdal og Stanghelle har følgd arbeidet med statleg plan. Kapasitetsproblem hjå innleigd leverandør har medført forseinkingar og planarbeidet vil halde fram i 2023. Breibandsplanen vart ferdigstilt før sommaren og arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel starta opp i haust. Fleire kommunale reguleringsplanar er under arbeid: Dale gravplass, Dale kollektivterminal og Dalegarden. Ein del planarbeid er forseinka grunna kapasitetsvanskar internt i kommunen.

Trafikksikringa på Dale med gangveg til Turbinen er ferdig. Det er gjennomført anbod for ladestasjonar i kommunen, ladepunkta vil kome på plass i 2023.

Skadane på idrettsbana og OV-anlegget på Vaksdal var omfattande. Reetablering av både OV anlegg og idrettsbane er eit stort og krevjande prosjekt som har tatt mykje kapasitet dette året. Det er eit omfattande og kostbart prosjekt og kommunen må knyte til seg ekstern kompetanse i alle deler av prosjektet. Det er nødvendig å etablere nytt OV-anlegg som skal handtere store vassmengder i området. Framdriftsplanen er stram og målet er at OV-anlegg og ny idrettsbane skal vera på plass hausten 2023.

Ein del mindre prosjekt knytt til overvatn, rassikring og andre tiltak på kommunale vegar er gjennomført.

Utbygging av andre del på Tettaneset er litt på etterskot, men mot slutten av året er utbyggar i gang. Arbeidet med vidare utvikling av området er under planlegging.

Note 12 viser oversikt over investeringar pr prosjekt.

Økonomisk oversikt investering

Økonomiske oversikter				
Bevilgningsoversikt - invest. § 5-5	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i varige driftsmidler	153 005 832	90 764 159	87 200 000	99 917 943
Tilskudd til andres investeringer	208 103	208 103	200 000	227 408
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 019 125	1 019 125	-	965 417
Utlån av egne midler	-	7 400 000	3 400 000	-
Avdrag på lån	-	350 000	-	-
Sum investeringsutgifter	154 233 060	99 741 387	90 800 000	101 110 768
Kompensasjon for merverdiavgift	29 233 603	15 740 000	15 680 000	17 305 893
Tilskudd fra andre	7 726 910	7 370 000	-	4 549 526
Salg av varige driftsmidler	787 600	3 000 000	-	2 630 619
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	1 400 000	1 400 000	-
Bruk av lån	61 020 000	61 020 000	62 170 000	72 571 614
Sum investeringsinntekter	98 768 113	88 530 000	79 250 000	97 057 652
Videreutlån	3 564	-	-	6 146 246
Bruk av lån til videreutlån	3 564	4 000 000	-	6 146 246
Avdrag på lån til videreutlån	2 183 559	-	-	3 528 000
Mottatte avdrag på videreutlån	1 497 303	-	-	2 649 790
Netto utgifter videreutlån	686 256	4 000 000	-	878 210
Overføring fra drift	- 9 442 761	- 9 442 761	- 11 550 000	- 2 450 161
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	707	-	-	355 674
22 Bruk av bundne investeringsfond	- 598 033	- 242 358	-	- 1 009 218
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	-	7 370 000	-	689 634
24 Bruk av ubundet investeringsfond	- 4 896 268	- 4 896 268	-	- 2 517 255
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 14 936 354	- 7 211 387	- 11 550 000	- 4 931 326
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	41 214 848	-	-	-

Oversikt over detaljer løyving jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar § 5-4, andre ledd, er i vedlegg.

Disponeringar gjort i årsavslutninga

I samsvar med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar, kapittel 4, samt §5-9, er årsoppgjørdisponeringar gjort i drifts og investeringsrekneskapen.

Samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisponeringer, §5-9	
Drift	
Netto driftsresultat	18 490 242
Avsetning til bundne driftsfond	- 6 476 538
Bruk av bundne driftsfond	3 302 574
Overføring til investering i henhold til årsbudsjett og fullmakter	- 9 442 761
Avsetning til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	- 4 795 000
Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	9 562 523
Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk	-
Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)	10 641 040
Strykning av overføring til investering	
Strykning av avsetninger til disposisjonsfond	-
Strykning av dekning av tidligere års merforbruk	-
Strykning av bruk av disposisjonsfond	- 9 562 523
Mer- eller mindreforbruk etter strykninger	1 078 517
Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets merforbruk etter strykninge	-
Bruk av disposisjonsfond for inndekning av tidligere års merforbruk	-
Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekning av tidligere års merforb	-
Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond	- 1 078 517
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	-
Investering	
Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter videreutlå	117 171 203
Avsetning til bundne investeringsfondsfond	707
Bruk av bundne investeringsfond	- 598 033
Budsjettert bruk av lån	- 61 020 000
Overføring fra drift i henhold til årsbudsjett og fullmakter	- 9 442 761
Avsetning til ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakt	7 370 000
Bruk av ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	- 4 896 268
Dekking av tidligere års udekket beløp	
Årets budsjettavvik (udekket eller udisponert beløp før strykninger)	48 584 848
Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond	- 7 370 000
Strykning av bruk av lån	
Strykning av overføring fra drift	
Strykning av bruk av ubundet investeringsfond	
Udekket eller udisponert beløp etter strykninger	41 214 848
Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfon	-
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp).	41 214 848

Hovudtal drift

Nærare om måloppnåing og tal er tatt inn i vedlegga.

Fellesområde økonomi

Felleskostnader administrasjon/politisk og alle tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik. I 2022 er det i hovudsak inntekt frå premieavvik og avskrivning med motpost på sjølvkostområda som gjer at resultatet er positivt. Fellespostar for kommunen samla vert ført her. Det kan derfor førekome store eller mindre avvik på dette området. I 2022 er også nokre samarbeidsavtalar innan IKT flytta til DIS og dette gjer avvik mellom rekneskap 2021 og 2022.

Felles økonomi	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Felleskostnader	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096
Totalsum	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096

Tenesteområde helse og omsorg

Meirkostnaden er i hovudsak på løn, der omtrent halvparten skuldast Covid 19 pandemien med blant anna eige koronateam og sentralt inngåtte avtaler om koronatillegg til tilsette. Eininga har hatt aukande vanskar med å rekruttera viktig helsepersonell og det fører til meir bruk av vikarbyrå og overtid til eige personale.

Helse og omsorg	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Helse og Meistering	142 135 959	128 425 000	-13 710 959	-6 055 112	133 965 777
Felleskostnader	4 660 001	4 512 999	-147 002	-60 549	3 714 244
Totalsum	146 795 960	132 937 999	-13 857 961	-6 115 661	137 680 021

Tenesteområde oppvekst

Barnehage, kultur og inkludering har eit lite mindreforbruk i 2022, medan skule har eit meirforbruk på vel 3,2 mill. Innan eining skule er det meste av meirforbruket knytt til tiltak i barnevernstenesta, vel 2,5 mill. Skulane har eit meirforbruk på vel 0,5 mill, der tiltak knytt til korona utgjer om lag same kostnaden. NAV ligg under felleskostnadane og har eit negativt avvik på vel 2,8 mill. Dette er 0,3 mill meir enn 2021 og er knytt til yting til livsopphald.

Oppvekst	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Barnehage, Kultur og Inkludering	29 866 201	30 030 000	163 799	-256 524	32 344 767
Felleskostnader	10 320 735	7 157 885	-3 162 850	-96 960	11 141 467
Skule	65 514 743	62 276 000	-3 238 743	-490 012	65 649 376
Totalsum	105 701 679	99 463 885	-6 237 794	-843 496	109 135 610

Tenesteområde Digitalisering, innovasjon og samfunn


Meirforbruket kjem frå auka kostnader til prisstigning, straumkostnader og manglande budsjettering av brannvern.

Samfunnsutvikling	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Corona	Regnskap 2021
Felleskostnader	3 752 787	6 650 000	2 897 213	0	0
Samfunn	44 749 382	38 728 000	-6 021 382	-186 251	39 685 418
Totalsum	48 502 169	45 378 000	-3 124 169	-186 251	39 685 418

Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Ca 420 personar fordelt på om lag 310 årsverk (inkludert vikarar) har kommunen som arbeidsgjevar. Våre tilsette er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver.

Organsiering



Vi er organisert med Kommunedirektørens leiargruppe som består av 3 kommunalsjefar, 2 administrasjonssjefar og leiar for kommunikasjon. Utvida leiargruppe består av kommunedirektørens leiargruppe, samt 4 einingsleiarar. I tillegg har vi 14 avdelingsleiarar som har personal- og økonomiansvar for sitt område.

Målet med denne organiseringa er å styrke innovasjon og utvikling på alle områder i organisasjonen, samordning på tvers, samt styrke samarbeid med eksterne partar (innbyggjarar, brukarar og bedrifter).

Organiseringa skal også ivareta krav til rolledeling og gjennom dette sikre god internkontroll. Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen.

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen.

Visjon og verdigrunnlag

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det utarbeida visjon og verdier for kommunen. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar. Vår visjon er «bynært bygdeliv». Overordna verdier er uttrykt som «Nyskapande – Open – Samhald».

Gjennom eit organisasjonsutviklingsarbeidet (OU) arbeidde heile kommuneorganisasjonen med å kome fram til felles verdier. Det blei valt «respekt – tillit – kompetanse – løysingsorientert».

Organisasjonen jobber med å få på plass ny arbeidsgjevarpolitikk. Denne skal bidra til å sikre ein innovativ organisasjon som utvikler effektive tenester til innbyggjarane. Eventuelle endringer i visjon og verdier vil bli omtala i den nye arbeidsgjevarpolitikken. Den skal være ferdig i løpet av 2023.

Mål og strategiar for organisasjonen

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi. Gjennom god økonomistyring sikrer vi økonomisk handlingsrom innafor dei rammene som me har
- Me utvikler teneste i samspel med inbyggjarane
- Me arbeidar systematisk og heilskapeleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågst mogleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur både i samfunnsutvikling og i tenesteyting
- Tilsette i kommunen er kompetente og engasjerte. Dei er opptatt av kontinuerleg læring og samarbeid på tvers i organisasjonen.

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for iverksetjing av politiske vedtak, prioriteringar og mål, samt å skape best mogelige resultat og kvalitet i tenestene:

- Linjestyring – styring av basisorganisasjon
- Prosjektstyring – Mellombels styring som eit prosjekt eller program
- Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre
- Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

Styringssystemet

Verksemdsstyring er kommunedirektøren sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- Vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- Sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- Sikre etterleving av lover og forskrifter
- Integrere risikostyring og internkontroll
- Sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og riktig ressursbruk
- Sikre læring, forbetring og innovasjon

Kommunen som arbeidsgjevar

For å møte dei framtidige behov og endringar som skjer i samfunnet, må me være nyskapande og endringsdyktige. Me må tilpasse oss nye arbeidsformer og klare å utvikle nye tenester. For å lukkast med dette er det viktig med godt leiarskap og medarbeidarskap. Motiverte og engasjerte medarbeidarar er avgjerande for å hente ut det potensiale som er i organisasjonen.

Vårt overordna mål for arbeidsgjevarpolitikken er definert som:

- Vaksdal kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar
- Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon

Det er utarbeida mål og strategiar for følgjande innsatsområde i arbeidsgjevarpolitikken:

- Etikk og samfunnsansvar
- Medarbeidarskap og leiing



- Samarbeid og arbeidsmiljø
- Innovasjon og utvikling
- Kompetente medarbeidarar
- Mangfald og likeverd

Stillingar

Tala er frå HRM systemet pr 31.12.2022. Det vil alltid vera ein del variasjonar i forhold til vikariat og vakante stillingar. Desse blir ikkje tatt med i tabellen under.

	2022		2021		2020	
	Årsverk	Personer	Årsverk	Personer	Årsverk	Personer
Felles	18,14	17	19,44	21	24,79	26
Skule	81,32	90	88,71	112	86,85	102
Barnehage og kultur	49,49	63	49,71	62	51,3	56
Helse og meistring	122,76	177	124,32	194	117,92	217
Samfunn	38,24	74	39,02	44	47,04	70
Samla	310	421	321,2	433	327,9	471

Rekruttering

Rekrutting av fagkompetanse er utfordrande for dei aller fleste kommunar i dag. Med utgangspunkt i det framtidige behovet for arbeidskraft er digitalisering, innovasjon og oppgåveløysing i samarbeid med andre kommunar viktige satsingsområde. Mindre deltidsarbeid, gode leiarar og sjølvleiarande tilsette er også viktig for å ha ein effektiv organisasjon.

Generelt er det vanskeleg å rekruttere til små fagmiljø. Innan enkelte fagområde er oppgåvemengda vår avgrensa. Kommunen kan derfor ha behov for ein mindre stillingsbrøk på enkelte fagområde. Interkommunalt samarbeid om oppgåveløysing vil kunne være ein måte å sikre kommunen tilstrekkeleg med kompetanse og kapasitet til å levere i samsvar med krav.

Tilsetting av vikarar er utfordrande innafor alle sektorar. Me må derfor jobbe aktivt for at stillingar som lysar ut er faste stillingar med størst mogleg stillingsprosent.

I Vaksdal kommune jobbar me aktivt for å rekruttere og behalde tilsette. God systematikk og oppfølging ser me på som viktig for at tilsette skal trivs og bli i jobb hjå oss over lengre tid. Marknadsføring av kommunen er viktig. Når tilsette trivs, snakkar dei positivt om sin eigen arbeidsplass. Dette vil spreie seg også utanfor organisasjonen, noko som igjen vil kunne føre til at nye arbeidstakarar søkar seg til kommunen.

Kommunen har tilsett 28 nye medarbeidararar i faste stillingar i 2022. Av desse er 7 stillingar helgestillingar i helse og meistring og 3 stillingar er brannkonstablar. Interne opprykk og interne jobbskifte er ikkje medrekna i desse tala.

43 tilsette slutta i Vaksdal kommune i 2022. Av desse var det 3 som blei avklart til uføre eller blei avslutta grunna sjukdom. 8 av dei som slutta, sa opp grunna AFP eller alderspensjon. Til samanlikning var det 44 tilsette som slutta i 2021. Turnover i Vaksdal kommune er generelt låg.

Lærlingar

Kommunen er ei lærebedrift. Me har både lærlingar, studentar og praksisplassar. I løpet av 2022 har me hatt 6 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 4 lærlingar i helsearbeidarfaget.

12 tilsette har tatt teorien til fagprøven. Dei fleste av desse samlar timer, slik at dei kan gå opp til fagprøve.

Kommunen har som mål å ha fleire som tek fagbrev. Me jobbar aktivt med å tiltrekkje oss nye og motiverte lærlingar.

Mellombelse stillingar

Kommunen ønskjer å tilsette i faste heile stillingar. Me nyttar i minst mogleg grad mellombelse stillingar. Oversikt pr 31.12.2022 viser at me har følgjande med mellombels tilsetjing:

Aml 14-9 a - Når arbeidet er av midlertidig karakter

- 3 personar (2,2 årsverk) har mellombelse oppgåver som utgår på sikt. 1 av desse er knytt til Korona vaksinerings og resten er knytt til flyktningar
- 1 person i 100% stilling er av midlertidig karakter i påvente av rekruttering av rett kompetanse.

Aml 14-9 b - Arbeid for ein annan (vikariat for bestemt person)

- 1 person (0,87 årsverk) i sjukevikariat
- 3 personar (1,07 årsverk) vikar for person som har uløna permisjon etter maksdato for sjukepengar.
- 6 personar (5,24 årsverk) er i vikariat for tilsette som har utdanningspermisjonar, er mellombels frikjøpt frå sine stillingar eller anna permisjon.
- 4 personar (1,52 årsverk) vikar for personar i foreldrepermisjon eller vikar for tilsette som har redusert arbeidstid.

Av tilsette som har vikariat er det fleire personar som er mellombels tilsett/har vikariat grunna fleire av ovannemnde årsaker samstundes. På denne måten får dei større stillingsprosent totalt. Desse personane vert telt fleire gonger i ovannemnde punktliste.

Det er også fleire tilsette med fast tilsetjing som har vikariat av ovannemnde type. Dette kjem i tillegg til deira faste tilsetjingsprosent. Dette har vi jobba spesifikt med dei siste åra, og er ein del av vårt arbeid med heiltidskultur. Desse vikariata er ikkje tatt med her.

Pensjon

Seniorbonus

I 2022 var det 28 personar som fekk utbetalt seniorbonus. 5 av desse fekk utbetalt seniorbonus i januar 2023 grunna at bonusen utbetalast 1 månad på etterskott.

KLP

AFP 62 – 64 år: Det er 5 personar som har tatt ut full AFP i 2022

Alderspensjon: Det er 3 personar som har gått av med alderspensjon i 2022

SPK

AFP 62 – 64 år: Det er 1 person som har tatt ut full AFP i 2022

AFP 65 – 66 år: Det er ingen personar som har gått av med alderspensjon i 2022.

Likestilling, diskriminering, inkludering og mangfold

Heiltidskultur

For å vere ein attraktiv arbeidsgjevar ønskjer Vaksdal kommune å tilby heile, faste stillingar. I samarbeid med fagorganisasjonane har me jobba med å få på plass årsturnus i helse og meistring. I tillegg har me fått på plass stillingar i timebank, der tilsette jobbar på tvers av fleire tenestestader.

Kommunen har som mål å redusere uønskt deltid og auke heiltidsstillingar. Vi jobbar kontinuerleg for å tilby størst mogelege stillingar. I eit inkluderande arbeidsliv vil det likevel vere tilsette som av ulike grunnar har/treng deltidsstillingar.

Det er flest deltidsstillingar i helse og meistring. Kommunen samla har lite uønskt deltid. Dei fleste som søker større stilling får dette etter kvart, når vi har ledige heimlar. Ganske mange har i dag mellom 80 – 100% stilling i helse og meistring. Med dei arbeidstidsordningane som er mest brukt i dag blir det fleire deltidsstillingar på helg. Det er særleg helgejobbing som skaper utfordringar i forhold til deltidsstillingar.

Det blei hausten/vinteren 2022 gjennomført ei spørjeundersøking av uønska deltid. Undersøkinga inkluderte alle med stillingsprosent over 0.

Ca 29% svarte på undersøkinga. 53% av dei som svarte har 100% stilling og 47% jobber deltid.

Ein stor del av dei som har 100% stilling svarte ikkje på undersøkinga.

30% av dei som svarte at dei jobbar deltid, svarte at dette var frivillig og at dei har den stillingsprosent som dei ønskjer å ha.

35% av dei som jobbar deltidsstilling ønskjer større stillingsprosent enn det dei har i dag. Samstundes ønska dei ikkje å ha 100% stilling.

35% av dei som jobbar ufrivillig deltid ønskja 100% stilling.

Av dei som jobbar frivillig deltid er 11% menn og 89% kvinner.

Av dei som jobbar ufrivillig deltid er 5 % menn og 95% kvinner

Ved utgangen av året var gjennomsnittleg stillingsstorleik 77 % i kommunen samla. Dette er eksklusive 30 brannkonstablar som har fast stillingsprosent på 1,15 %. Desse er tilsett hjå andre arbeidsgjevarar og har kommunen som bi-arbeidsgjevar.

I helse og meistring var gjennomsnittleg stillingsstorleik 66 %.

Ein vesentleg andel av dei som jobbar i deltidsstilling, har dette på grunn av gradert uføre. Å ha desse tilsett i gradert stilling er ein del av vårt arbeid med inkluderande arbeidsliv.

	2019	2020	2021	2022
Kommunen samla	0,76	0,75	0,74	0,77
Helse og meistring	0,61	0,62	0,65	0,66

Likestilling og diskriminering

Vaksdal kommune jobbar aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfald – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Kommunen skal tilby likeverdige tenester til alle.

I samarbeid med dei tillitsvalte er det laga policy for likestilling og diskriminering. Denne skal godkjennast i løpet av våren 2023.



Kommunesektoren er kvinnedominert. Pr. 31.12.22 var del kvinner i Vaksdal kommune 76% og 24% menn. Til samanlikning var del kvinner 80% og andel menn 20% pr. 31.12.2021.



I leiande stillingar er 75% kvinner og 25% menn. Kommunen har som mål å få tilsett fleire menn i barnehage, skule og helse og meistring. Me har i seinare år fått litt fleire menn i desse tenestene. Skulle likevel ønske det var fleire.

Kvinner vs menn 31.12.2022

Eining t	Kvinne		Mann	
	Årsverk	Prosent	Årsverk	Prosent
Barnehage og kultur	41,13	84,13 %	6,46	15,87%
Skule	61,65	76,67 %	19,67	23,33 %
Helse og meistring	114,15	91,53 %	8,61	8,47 %
Samfunn	16,45	31,08 %	21,79	68,92 %
Felles	13,94	76,47 %	4	23,53 %
Samla	249,32	76,01%	60,73	23,99 %
Herav leiar	18	75%	6	25%

Kjønnsforskjeller på ulike stillingsnivå/grupper:

- Blant avdelingsleiarar med personalansvar er 71% kvinner og 29% er menn.
- I undervisningsstillingar er 70% kvinner og 30% menn
- Blant arbeidsleiarar er 37,5 % menn og 62,5% er kvinner
- 87% av fagarbeidarar er kvinner og 13% menn
- Blant rådgjevar i kode 8530 er 67% kvinner og 33% menn

Lønsvekst og lønsforskjeller

I det sentrale lønsoppgjeret for 2022 var den totale årslønsveksten anslått til å være 3,84 % for KS sitt tariffområde. Det var ikkje satt av lønsmidlar til lokale forhandlingar i kapittel 4 dette året.

Minst anna kvart år skal det kartleggast og gjerast reide for resultat av lønskartlegging for ulike stillingsnivå og stillingsgrupper

- Blant avdelingsleiarar med personalansvar i kap.4 tener menn 4,8 % meir enn kvinner.
- Menn tener 3 % meir enn kvinner i undervisningsstillingar. Dette er ei gruppe som er godt regulert i forhold til likestilling i tariffavtalen. Det er kompetanse og ansiennitet som avgjer kor

du blir plassert i løn. Ein del av dei siste tilsette i skulen er nyutdanna kvinner med lav ansiennitet.

- Blant arbeidsleiarar tenar menn 1,57 % mindre enn kvinner
- Blant fagarbeidarar tener menn 5,3% meir enn kvinner
- For rådgjevar i kode 8530 tener menn 1,7 %meir enn kvinner

Oversikta over tar kun utgangspunkt i kjønn og lønn og tar ikkje inn andre faktorar som kan påverke løna, f.eks. alder, ansiennitet, utdanning eller skilnader mellom ulike faggrupper innan same stillingsgruppe.

Foreldrepermisjon

Gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon i 2022 var 36,66 veker for mor og 16,66 veker for far.

Inkludering

Kommunen ynskjer mangfald i personalgruppene. Vi har tilsette med ulik etnisk bakgrunn. Kommunen har i fleire år hatt mange i arbeidspraksis og språkpraksis. Etter kvart har fleire søkt og fått faste stillingar.

Kommunen har tilsette i alle aldersgrupper. 29,35 % som utgjer 130 personar, fordelt på 93,93 årsverk er over 55 år. 15,86 % som utgjer 94 personar, fordelt på 50,77 årsverk er under 33 år. Resterande 165 årsverk er i alderen 33-55 år ved utgangen av 2021.

Helse, miljø og tryggleik

Kommunen arbeider heilskapleg med helse, miljø og tryggleik. Å utvikle godt leiarskap og aktivt medarbeidarskap er målsettingar for eit godt arbeidsmiljø. HMT-planen, vernerundar, lokale arbeidsmiljøgrupper, sjukefråværsoppfølging, medarbeidersamtalar, medarbeidarundersøking, kursing og leiarprogram er alle gode verktøy for både det systematiske og det individretta arbeidet. Avvikshandtering gir grunnlag for læring og auka medvit om risikofaktorar og førebygging.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit partssamansett utval med 8 medlemmer, fire frå arbeidstakersida og fire frå arbeidsgjevarsida. Utvalet har 4 faste møter i året og det er heimla i arbeidsmiljølova.

Sjukefråvær

Kommunen har over tid jobba med å redusere sjukefråværet. Tidleg dialog, tett oppfølging og tilrettelegging er fleire av tiltaka. AMU og arbeidsmiljøgruppene følger sjukefråværet nøye.


Heile organisasjonen jobber systematisk med oppfølging av sjukemeldte. Me har gode rutiner på dette. Samstundes ser me at i en del tilfelle, med langtidsfråvær, brukas det meir tid enn naudsynt på å kome til ei avklaring. Slike saker kan være vanskelege for både leder og den tilsette. Me har derfor satt inn tiltak for å trygga leiarane, slik at dei skal bli enda betre rusta til dette arbeidet. HR har starta leiarprogram kor alle avdelingsleiarane deltek. Her har me satt søkelys på:

- Å bruke sjukepengeperioden aktivt for å få så tidleg avklaring som mogleg
- Gå meir inn i statistikk og sjå på mønster/gjentatte fråvær
- Følgje opp enkeltpersonar som har hyppige og regelmessige fråvær
- Gje leiarane rettleiing i korleis gjennomføre «den vanskelege samtalen»
- Der kor sjukefråværet er høgt, er HR med og jobbar med kultur og arbeidsmiljø


- HR gjer kartlegging i avdelingane saman med tillitsvalte

Sjukefråværet samla i den kommunale organisasjonen i Vaksdal var i snitt på 9,7% i 2022, mot 10,1 % året før.

Grafen under viser korleis utviklinga har vært gjennom året i 2022.



Sjukefråværet samla over tid



Fråvær fordelt på eining:

Eining	2020	2021	2022
Barnehage og kultur	14,8	13,9	10,5
Skule	7,3	7,7	7,5
Digitalisering, innovasjon og samfunn	5	7,5	12,3
Helse og meistring	10,5	12,4	12,2
Rådmann, stab, NAV m.fl.	5,7	4,2	5,1
Kommunen samla	8,6	10,1	9,7

Medarbeidarundersøking

Kommunen gjennomfører medarbeidarundersøking kvart andre år, siste var i november 2021. Undersøkinga er bygd opp på 10 faktorar som er godt forankra i forskning. Den seier noko om kva som

fører til godt arbeidsmiljø. Leiarskap, medarbeiderskap og samarbeid i organisasjonen er viktige faktorar. Det blir utarbeida handlingsplanar saman med dei tilsette. Planane vert fylgt opp av dei lokale arbeidsmiljøgruppene. Desse gruppene består av verneombod, tillitsvalde og leiarar. 10-faktor teorien vert brukt i lokalt arbeidsmiljøarbeid og i utviklings- og leiarprogram. Den blir også følgt opp av Arbeidsmiljøutvalet. Medarbeidarundersøkinga har hatt god oppslutning. Neste undersøking skal gjennomførast våren 2023.

Læring, utvikling og innovasjon

Endringstakten i samfunnet og arbeidslivet er høg. Evne til innovasjon og nyskaping er nødvendig for å løyse komplekse utfordringar og knappheit på ressursar. Arbeidet krev gode leiarar, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv støtte frå stab i gjennomføringa. Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system for å gjennomfører endring og omstilling. Digitalisering, endringsprosessar og nye arbeidsmåtar er dei største arbeidsgjevarutfordringane.

Dei gjennomgåande måla i planperioden er styrande for mål og tiltak for organisasjonen samla.

- Organisasjonsutvikling og innovasjon
- Målretta kompetanseutvikling
- Verksemdsstyring og kvalitetsutvikling
- Digitalisering
- Kommunikasjon og openheit
- Arbeide systematisk og målretta med reduksjon av sjukefråvær. Dette gjer vi best gjennom dialog og tidleg avklaring
- Læringordning, praksisplassar/studentar
- Utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk

Organisasjonen prioriterer eit kontinuerleg kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid. Kommunen samarbeider aktivt med ulike FoU miljø og andre kommunar. Samarbeid med andre kommunar er alt frå faglege program og nettverksarbeid til bruk av ny teknologi og digitalisering.

Organisasjonen jobbar aktivt med å kartlegge framtidig kompetansebehov. Me har gode støtteordningar. Tilsette som ønskjer utvikling og relevant utdanning blir motivert til dette.

Oppvekst har pågåande utviklingsprogram i tillegg til etter- og vidareutdanning for lærarane. Helse og meistring har tilsette som går på desentralisert sjukepleiar/vernepleiarutdanning. I tillegg er der fleire sjukepleiarar som tek etter og vidareutdanning. 1 leiarar i helse og meistring gjennomfører leiarutdanning. Kommunen deltar også i eit EU prosjekt innan helse og meistring.

Kompetanseutvikling er viktig både for tilsette si eiga utvikling og for at arbeidsgjevar skal få tilført ny og viktig kompetanse. Innafor helse og meistring tilbyr vi utdanningsavtalar til sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna. I tillegg tilbyr vi utdanningsavtalar til fagarbeidarar som ønskjer å ta vidareutdanning. Ufaglærte som ønskjer å ta fagbrev, får støtte og vegleing til dette. Også andre faggrupper får støtte til utdanning, når dette er i tråd med organisasjonens behov.

For at vi skal nå dei nye kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk som gjeld frå 2025, er det lærarar som gjennomgår vidareutdanning. Dette blir i stor grad dekkja av statlege midlar. Nokre barnhagelærar gjennomfører også anna vidareutdanning.

Innan brann og redning er kravet til kompetanse stort. Gjennom vertskommunesamarbeidet med Bergen er det gjennomført omfattande opplæringsløp for våre lokale tilsette dei siste åra.



Etikk, kvalitet og eigenkontroll

Kommunen ønsker å legge til rette for god styring, kontroll og arbeid med kvalitet i heile organisasjonen. Kontinuerleg arbeid med kvalitetsutvikling er del av dette arbeidet. Kvalitetssystemet gjer det enkelt for tilsette og leiarar å finne alle relevante dokument og skjema, synleggjera prosesser og analyser. Det skal være enkelt å få tilgang til styringsdata som rutinar, rettleingar, avviksstatistikk og risikoanalysar. Avvika blir i all hovudsak lukka innan 14 dagar.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høg etisk standard. Hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggerane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

Kommunen har tatt i bruk eit heiheitleg kvalitetssystem frå Netpower kvalitet. Dette systemet inneheld avviksmodul, dokumentmodul, ROS modul med meir. Det har vært spesielt fokus på ROS analyser av vald og truslar i heile organisasjonen i 2022.

Vedlegg 1: Tenesteområda

Oppvekst og kultur

Tenesteområdet oppvekst og kultur omfatta fem kommunale barnehagar og fem skular i sentra Stamnes, Eksingedalen, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Barnehage og skule på Stamnes og i Eksingedalen er samlokalisert og samorganisert som oppvekststun. I tillegg ligg NAV, PPT og avdelinga kultur og inkludering innan tenesteområdet. Det interkommunale barnevernet, Sørfjorden barnevern, rapportera òg til tenesteområdet. PPT har samarbeidsavtale om drift av PPT tenestene i Modalen kommune. Kontora er lokalisert på Dale.

Kommunen betalar kompensasjon etter statleg sats til andre kommunar når born frå Vaksdal går i private barnehagar der. I tillegg betaler kommunen etter kommunestyrevedtak tilskot til Modalen kommune for borna frå Eidsland som nyttar barnehage i Modalen. For elevane frå Eidsland skulekrins kjøper kommunen skuleplassar i Modalen for dei som ynskjer det.

Økonomi

Oppvekst	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav	
				Korona	Regnskap 2021
Barnehage, Kultur og Inkludering	29 866 201	30 030 000	163 799	-256 524	32 344 767
Felleskostnader	10 320 735	7 157 885	-3 162 850	-96 960	11 141 467
Skule	65 514 743	62 276 000	-3 238 743	-490 012	65 649 376
Totalsum	105 701 679	99 463 885	-6 237 794	-843 496	109 135 610

Tenesteområdet oppvekst og kultur har eit samla underskot på vel 6,2 mill.

I 2022 ligg budsjett og rekneskap for barnevern og PPT under eining skule. Skule og tverrfaglege tenester har eit resultatrekneskap på vel 3,2 millionar i meirforbruk, der skule har eit meirforbruk på vel 0,5 mill, medan barnevern og PPT har eit meirforbruk på omlag 2,8 millionar. Overforbruket er knytt til barneverntenesta.

Barnehagane og avdelinga kultur og inkludering har eit lite mindreforbruk. Det er òg avsett 4,9 mill. frå introduksjonsordninga til flyktningfondet. Dette er overskot av overføringar frå staten i 2022 for å dekkje kostnader seinare år.

I felleskostnader er NAV inkludert. NAV hadde eit negativt avvik på vel 2,8 mill. i 2022. Det er auke på om lag 0,3 mill i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp samanlikna med 2021. Sentralområdet oppvekst og kultur har 0,3 mill i meirforbruk.

Det vert viktig å halde fram med å kvalitetssikre budsjettet så godt som mogeleg og vidare gjennom god økonomistyring avdekke ev. avvik og justere drifta for å gå i balanse.

Evaluering av budsjettpremiser for 2022

- *Gje tilbod om barnehageplass til alle barn som har rett på plass*
Alle born med rett som har søkt om barnehageplass har fått tilbod. Det har gjennom året òg vore kapasitet til å ta inn fleire born på Stamnes oppvekststun.
- *Oppfylle pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane*
Alle barnehagane og oppvekststuna i Vaksdal oppfylte pedagognorm og bemanningsnorm i 2022. Ein barnehage oppfylte pedagognorma med disposisjon delar av året.
- *Oppfylle lærarnorm i skulane*
Alle skulane/oppvekststuna oppfylte lærarnorma på alle trinn, med unntak av ungdomstrinnet ved Dale

skule.

- *Ferdigstille revisjon av kommunedelplan Oppvekst*

Tenesteområdet har i 2022 prioritert arbeid med førebyggjande plan for barn og unge knytt til ny lov om barnevern. Det har ikkje vore kapasitet i tenesta til arbeid med to planar.

- *Gje tilbod til alle som ynskjer i kulturskulen innan dei tilboda vi til ei kvar tid har*

Alle som har ynskt tilbod i kulturskulen har fått plass i 2022 innan det tilboda vi hadde i 2022. Det er kapasitet til fleire barn i kulturskulen.

- *Gjennomføre tilsyn med lov om psykososialt barnehagemiljø i barnehagane/oppveksttun*

Det er gjennomført eit statleg tilsyn i barnehage i med tema Psykososialt barnehagemiljø (Lov om barnehager kap 8) og Opplysningsplikt til barneverntenesta (Lov om barnehagar § 46).

Barnevern


Barneverntenesta i Vaksdal vart 01.07.2022 del av eit interkommunalt samarbeid mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen, Sørfjorden barnevernteneste. Tenesta har hovudkontor på Lonevåg på Osterøy og er samlokalisert med ulike tenester for barn og unge i Familiens hus. Tenesta har 12 årsverk, fordelt på barnevernleiar, kontorfagleg tilsett, fagleg undersøking, koordinator for omsorgsteam og kontaktpersonar/sakshandsamarar. Tenesta er tilslutta barnevernsvakta i Bergen. Meir detaljerte rapporteringar gjev barnevernstenesta jamleg til både Statsforvaltaren i Vestland (Bufdir) og SSB. Kommunestyret har i tillegg fått lagt fram tilstandsrapport for barnevernet i 2022.

NAV

97 personar i alderen 18 – 67 år har fått utbetalt sosialhjelp til livsopphald i 2022, 99 i 2021 mot 132 i 2020 og 117 i 2019. Det er ei auke i utbetaling av sosialhjelp til livsopphald i 2022 samanlikna med 2021 på om lag kr 0,3 mill.

NAV er i kontakt med i underkant av 30 ungdommar under 30 år, mot 20 i 2021, 60 i 2020 og 55 i 2019. NAV jobbar aktivt med og har tett oppfølging av ungdommane. Målet er å få dei i arbeidsrelatert aktivitet. Ungdom som fell ut eller ikkje kjem inn på arbeidsmarknaden er ein høgt prioritert oppgåve for NAV og det er særressurskrevjande då oppfølginga og dialogen med denne gruppa er veldig tett. 5 personar har fått tilbod om kvalifiseringsprogram KVP i 2022. Koordineringa og samarbeidet mellom statleg og kommunal teneste er viktig for å lykkast i dette arbeidet, samt samarbeidet med bedrifter og næringsliv. Arbeidet med denne gruppa vert framleis eit hovudsatsingsområde i 2023.

Skule



Førebels KOSTRA-tal viser at skulane i Vaksdal nytta meir i driftsutgifter pr. elev i 2022 enn i 2021. Samanlikna med kommune-gruppa nyttar vi omlag det same som Kostra-gruppe 5, medan vi nyttar meir enn landet elles. For Vaksdal har særleg kostnader til skulelokaler auka sidane 2019. Dette er i stor grad grunna avskrivingskostnader knytt til nybygg.

Eining skule har hatt god økonomistyring på skulane, trass høgare sjukefråvær enn ynskt. Skulane er likevel nøktern med vikarbruk og flyttar ressursar internt i skulen til der det er behov. Dette gjev ein større kontroll på variable lønnskostnader.

I august 2022 opna ny skule på Vaksdal og elevane frå kunne ta i bruk ein flott og moderne skule ved skulestart. I byggeperioden har elevar frå Vaksdal gått på skule på Stanghelle. Det har vore to år med pendling, glede, trivsel og læringstrykk saman med jamnaldrande på Stanghelle skule.

Skulane i Vaksdal held fram arbeidet med å på tvers utarbeide god praksis som skal gjelde for alle elevane i Vaksdalsskulen.

I tillegg til kvalitetsvurderinga i barnehage og skule, og tilsyn i barnehage, vert kvalitet i skule òg målt gjennom ulike undersøkingar og målingar som elevundersøkinga, nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Vidare følgjer resultat frå grunnskulepoeng og nasjonale prøvar i 2022.

Grunnskulepoenga for elevane som gjekk ut av 10. årsteg i 2022 viser resultat noko høgare enn landet elles. Grunna korona vart eksamen for 10. årsteg avlyst våren 2022.

	Vaksdal 2014/15	Vaksdal 2015/16	Vaksdal 2016/17	Vaksdal 2017/18	Vaksdal 2018/19	Vaksdal 2019/20	Vaksdal 2020/21	Vaksdal 2021/22	Landet 2021/22
Grunnskulepoeng*	37,3	39,9	41,5	41,7	41,9	43,8	44,8	44	43,4

* Grunnskulepoeng er gjennomsnittskaraktar for elevane x 10

Gjennomsnitt skalapoeng, nasjonale prøvar 2022 er:

5. årsteg	Vaksdal	KG5	Vestland	Landet
Lesing	51	49	50	50
Rekning	50	49	51	50
Engelsk	50	48	50	50

8. årsteg	Vaksdal	KG5	Vestland	Landet
Lesing	45	48	49	50
Rekning	46	49	50	50
Engelsk	49	48	49	50

Tabellane over viser at skulane i 2022 skåra som fylket og nasjonalt nivå på alle dei nasjonale prøvane på 5. årsteg, medan ein skårar under på 8. årsteg.

I kvalitetsmelding/tilstandsrapporten for skule og barnehage som vert lagt fram våren 2023 vil ein gå grundigare inn i mål, tiltak og resultat i høve kvaliteten i skulane og barnehagane i Vaksdal, både når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

Mål og måloppnåing, skule:

Skulane skal arbeida vidare med felles praksis innanfor språk -og leseopplæring, samt nytta varierte verkty for å auka læringsutbytte til elevane.

Mange tilsette har fått godt eigarskap til leseplanen og det er jamnare høg kvalitet og mindre skilnad mellom praksisar enn tidlegare. Skulane har gjennomført språk- og leseutviklinga etter felles leseplan, med leseintensive veker, lesekurs, litteraturveker og dialogmøte. Lesedialog har auka tverrfagleg samarbeid med PPT og ein opplever auka forplikting i alle ledd i høve leseopplæringa. Alle skulane løfter begynnaropplæringa i utviklingstid og arbeider kontinuerleg med å gje lesing status hos elevane. Dette gjer skulane ved å arrangere felleslesing eller leseprosjekt på tvers av klassar og på tvers av skule og barnehage, der ein legg opp til ei ekstra flott ramme kring lesinga. Skulane er starta arbeidet med digitale læringa som grunnlag for vidare felles praksis.

Elevane våre skal oppleve at dei høyrer til og medverkar i eit positivt og aktivt læringsfellesskap som aukar den enkelte sitt læringsutbytte.


Skulane arbeider i fellesskap med kompetansepakker for inkluderande fellesskap og skuleleiarane har siste året delteke på fleire samlingar der inkluderande praksis har vore tema. Vidare arbeider skulane med ulike typar aldersblanding eller samarbeid på tvers. Ein gjennomfører hospitering, samarbeidslæringsgrupper og liknande for å auka elevane si inkludering, medverknad og sosial kompetanse knytt til samarbeid. Dette styrkjar relasjonane mellom elevane og er særskild viktig for at dei yngre skal få auka tryggleik i læringsfellesskapet. Nokre skular har heile dagar organisert for å styrkje det positive læringsfellesskapet, medan andre har td uteskule for alle fast på timeplanen. Det er fokus på reduksjon i spesialundervisning til fordel for inkluderande praksis og organisering av tilpassa opplæring i dag er meir i tråd med inkluderande verdiar. Skulane har fokus på å løfte blikket frå inkludering i skuletida til å bidra til inkludering fritid.

Vidareføra kvalitetsutvikling i skulefritidsordninga i tråd med ny "Rammeplan for SFO."

Årsplanen til SFO er no godt forankra i rammeplan for SFO og rammeplanen har skapt tydelegare mål for det generelle planarbeidet. Dei tilsette opplever at plantida no har ei dreining frå drift til utvikling og at kompetansepakken til Udir har vore til god støtte. Samla opplever SFO at arbeidet med rammeplanen har forsterka samarbeidet mellom skulane/oppveksttuna, noko som igjen aukar kvaliteten på kvar tenestestad. SFO deltok med alle tilsette på SFO-konferansen i Bergen hausten 2022. I etterkant av dette har SFO-ane spesielt arbeida vidare med kompetanse knytt til relasjonar og inkludering. Totalt sett ser ein at SFO og skule er meir like i kompetanseutviklinga, både med omsyn til metode og mål.

Tilsette/HMT

Det har vore jamleg fokus på sjukefråvær i alle personalgrupper. Sjukefråværet for 2022 enda på 6,8, noko som er ei betring frå året før (2021) då sjukefråværet var på 7,7. Målet til skule er 5 %. Skulane har gjennomførte vernerundar i 2022 og tilsette har hatt tilbod om medarbeidersamtalar.

Barnehage

Førebels KOSTRA-tal for barnehage viser at Vaksdal dei siste åra har hatt ei jamn auke i ressursbruk pr. innbyggjar 1-5 år. Kommunegruppe 5 og landet elles har òg hatt auke. Utgiftene i Vaksdal er under kommunegruppa, men om lag som landet elles. Det er framleis færre barn som går i barnehage i kommunen enn i kommunegruppa og landet.

Tal barn i barnehage har tidlegare år vore stabilt, men sidan 2020 har det vore ein jamn nedgang og nedgangen fortset i 2022, men ikkje like mykje som i 2021. Nedgangen er grunna lågare fødselstal. Nokre barn i kommunen går i barnehage i Modalen, nokre få i andre nabokommunar. Totalt 154 barn hadde plass i Vaksdal kommunale barnehage ved utgangen av 2022.

Barnehagane er fleksible og flyttar ressursar internt i barnehagane der det er behov. Dette gjev ein større kontroll på variable lønnskostnader. Bemanningsnorm og pedagognorm som vart innført i 2018 har vore kostnadsdrivande for barnehage.

Tabellen under viser del barn i barnehagen i ulike aldersgrupper og del minoritetsspråklege barn i barnehage samanlikna med kommunegruppa og landet elles (tal henta frå SSB).

	Vaksdal 2018	Vaksdal 2019	Vaksdal 2020	Vaksdal 2021	Vaksdal 2022	KG 5 2022	Landet u/ Oslo 2022
Del barn 1-2 år i barnehage, av innbyggjarar 1-2 år (%)	61,3	68,6	59,4	68,7	77,8	84,8	87,8
Del barn 1-5 år i barnehage, av innbyggjarar 1-5 år (%)	79,8	85,0	81,7	83,9	87,9	92,4	93,6
Del barn 3-5 år i barnehage, av innbyggjarar 3-5 år (%)	90,6	92,0	91,3	92,4	93,7	97	97,3
Del minoritetsspråklege barn i barnehage, av innvandrerbarn 1-5 år (%)	79,6	76,7	69,2	67,6	79,4	85,5	84,5

Del barn 1-5 år med barnehageplass viser ei større auke del barn hausten 2022 samanlikna med åra før. Aldersgruppa 1-2 åringar har tidlegare lagt 15 – 20 % under kommunegruppa og landet elles i høve del barn i barnehage, med i 2022 er ligg ein berre 5 -10 % under. I aldersgruppa 3 – 5 åringar ligg om lag 4 % under. Del minoritetsspråklege barn har òg auka med vel 10 % i 2022 samanlikna med 2021. Auke i del barn som går i barnehage er ei ynskt og gledeleg utvikling.

Tabellen viser fordelinga av barn i barnehagane i Vaksdal pr. 15. desember 2022:

	0 år (2022)	1 år (2021)	2 år (2020)	3 år (2019)	4 år (2018)	5 år (2017)	Sum
Eksingedalen oppveksttun	0	0	2	0	0	0	2
Stamnes oppveksttun	1	1	1	0	1	3	7
Dale barnehage	0	0	4	14	5	13	36
Knutatunet barnehage	0	12	15	9	7	10	53
Vaksdal barnehage	0	5	9	10	12	20	56
Modalen barnehage	0	0	0	1	0	1	2
Sum	1	18	31	34	25	47	156
Buset i Vaksdal pr.31.12.2022	31	27	36	36	26	49	205

Det var 2 færre barn i barnehage og 7 færre barn busett i Vaksdal, 0-5 år, i 2022 enn 2021.

Hausten 2022 hadde Vaksdal barnehage 3 avdelingar, Knutatunet barnehage 4 avdelingar, Dale barnehage 2 avdelingar, Stamnes oppveksttun 1 avdeling og Eksingedalen oppveksttun 1 avdeling.

Føresette, tilsette og barn gjev gode tilbakemeldingar. Foreldreundersøkinga i barnehage 2022 viser at foreldra i stor grad er nøgde med tilbodet til barna. På området *informasjon* har foreldra vore meir nøgd dei siste åra. Foreldra melder òg at barnet sin trivsel er god. Svarprosenten er noko lågare enn i fjor.

Kategori (skala 1-5)	Vaksdal 2019	Vaksdal 2020	Vaksdal 2021	Vaksdal 2022	Nasjonalt 2022
Tilfredse foreldre	4,1	4,3	4,4	4,3	4,5
Ute- og innemiljø	3,9	4	4,1	4,1	4,2
Barnets trivsel	4,6	4,7	4,9	4,6	4,7
Informasjon	3,5	3,7	4,1	4,1	4,3
Barnets utvikling	4,3	4,6	4,6	4,5	4,7
Svarprosent	65,10 %	51,70 %	65,60 %	57,40 %	63,30 %

I kvalitetsmelding/tilstandsrapporten for skule og barnehage som vert lagt fram våren 2023 vil ein gå grundigare inn i mål, tiltak og resultat i høve kvaliteten i skulane og barnehagane i Vaksdal, både når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

Mål og måloppnåing, barnehage:

Barnehagen arbeider kontinuerleg og systematisk med å fremme et trygt og inkluderande barnehagemiljø.

Implementeringa av inkluderande barnehagemiljø er godt i gang, mellom anna ved at det er utarbeidd eit årshjul. Her er aktivitetane knytt til valte verkty og involverer heile personalet. Inkluderande barnehagemiljø er fokus på alle personalmøter og barnehagane har gode rutinar og følg dette opp. Slik vil barnehagane byggje ein kollektiv kultur og heilskapleg tilnærming. Ved oppstart av nytt barnehageår er det særleg fokus på opplæring av nyttilsette.

Barnehagen arbeider kontinuerleg og systematisk med grunnleggjande ferdigheiter med særleg vekt på sosial kompetanse og språkutvikling

Barnehagane nyttar ulike systematiske metodiske opplegg knytt til språkstimulering og samspel. Det er fokus på å bruke språket aktivt i alle kvardagssituasjonar og å leggje til rette for barnet sin stemme. Dei tilsette er gode til å sjå barna sin sosiale kompetanse og til å oppdage om nokon av barna treng hjelp til å verta betra. Det vert òg nytta syngjande barnehage for å bidra til å styrke språkutviklinga. To barnehagelærarar har gjennomført vidareutdanning i språkutvikling våren 2022 for å styrke kompetansen i barnehagane. Det må arbeidast vidare med å betra språkgrupper i alle barnehagane.

Barnehagen er aktivt deltakande i nærmiljøet og legg til rette for at barna blir kjend med dei ressursane som finst i si bygd.

Nokre av barnehagane har besøks- og aktivitetsavtale med institusjonar for eldre. Barnehagane gjer seg synlege i lokalmiljøet som ved jonsok, Liv og lyst-prosjekt, turar i nærmiljø, lysniseprojekt, luciaopptog på sjukeheimen, besøk på bibliotek og skule. Målet er at borna får ei kjensle av å høyre til i bygda. Livsgledebarnehage må revitaliserast etter pandemi.

Kultur og inkludering

2022 har vore første heile driftsår med kultur og inkludering som eiga avdeling i tenesteområdet oppvekst og kultur. Avdelinga er sett saman av fleire små tenester, men dekkjer eit stort felt med tilbod og aktivitetar for innbyggjarar i alle aldrar. Avdelinga har ansvar for bibliotek, kulturskule, idrettshall, symjebasseng, kultursal, frivilligsentral, miljøarbeidar barn og unge, kulturkonsulentar og flyktingkonsulent.

Flyktingtenesta

Etter krigsutbrotet i Ukraina i februar 2022 vart flyktingtenesta bygd opp att i løpet av kort tid for å busette nye flyktingar. I løpet av 2022 vart det registrert 51 flyktingar (inkl. overføringsflyktingar). Då det vart klart at kommunen ville bli anmoda om å busette eit stort tal flyktingar òg i 2023 sette vi i gang med rekruttering av flyktingkonsulent og programretteiarar og planlegging av eiga norskopplæring. Det er utfordrande å planleggje og byggje tenester med uviss tidshorisont, men førebels er planane full drift ut 2024.

Mål og måloppnåing Kultur og inkludering

Skapa eit godt samarbeid og arbeidsmiljø i avdelinga

Som ei nyoppretta avdeling etter omorganisering har fokus det fyrste året vore å knytta band, bli kjend og ha fokus på felles treffpunkt. Avdelingsmøter vert gjennomført annakvar månad med fokus på sosiale relasjonar, fagleg utveksling og felles forståing av informasjon i organisasjonen.

Avdelinga arbeider innanfor fleire tenesteområder som idrett, kultur, born og unge, frivilligheit og flyktingtenesta. Samarbeid mellom desse er viktig og vi kan sjå gode effektar frå dette allereie.

Ei utfordring i avdelinga er einskilde stillingar som jobbar i små stillingar og gjerne utanfor definisjonen av normal arbeidstid. Desse krev god oppfølging, då særskild med tanke på informasjon, arbeidstid og det å få eit forhold til andre i avdelinga.

Avdelingsleiar har månadleg møte med tilsette i dei forskjellige tenesteområda kor ein kan utveksla synspunkt om sitt tenestefelt. I sum har avdelinga kome eit godt stykke på veg i løpet av sitt fyrste år.

Ta i bruk Dale skule som kulturbygg for innbyggjarane

Dale skule som ein samlingsplass for aktivitetar på fritid er i stadig utvikling. Kor og korps for barn og vaksne har øvingar i Dalesalen gjennom heile veka. Ungdomsklubben nyttar aktivitetssalen til sine arrangement på fredagar. Daledagane nyttar Dalesalen til arrangement under sitt arrangement.

Basseng vert nytta til kommunalt folkebad tre dagar i veka, dei to dagane har idretten i kommunen fått til disposisjon kostnadsfritt. Fysioterapeutane har gruppetilbod tre dagar i veka og skulen nyttar bassenget alle fem dagane til undervisning. Det er kino i Dalesalen ein dag pr månad.

Einskilde arrangement nyttar i løpet av året Dalesalen til dømes til konsertar og andre framsyningar. Biblioteket på Dale skule som ein samlingsplass er òg viktig, og her jobbar ein med å få på plass ei meiropen løysing i løpet av 2023.

Auka del barn som går i kulturskule

Kulturskulen har fokus på å ha eit breitt og variert tilbod til barn og unge innanfor musikk med instrumentar, song, band og visuelle kunsthag. Det vert jobba aktivt med å få fleire born inn i kulturskulen gjennom informasjon og samarbeid med skule og barnehage. Til dømes er ukulele i SFO

noko som aktivt vert prøvd ut for å auka kjennskapen til tilbodet og at barn får ei tidleg erfaring med musikk.

Synleggjere aktivitet og arrangement for innbyggjarane

Nettside #mittvaksdal er ein innbyggjarportal med informasjon om mykje av det som skjer i kommunen innanfor frivillige lag og organisasjonsliv. Denne har fokus på informasjon til innbyggjaren på ei mobilvenleg plattform. Det vert òg annonsert ei heilside i VP kvar månad der kommunen informerer om varierte kommunale tilbod.

Aktivt søkje tilskot til aktivitetar og arrangement der det er mogeleg

Avdelinga søkjer aktivt midlar der det er mogleg for tenesteområda og spesielt til prosjekt for barn og unge har ein fått tilskot.

- BUA Vaksdal og sommaraktivitetar har fått eit 3 årig tilskot for 2022-2024 av Bufdir
- Kommunen søkjer Frifond årleg for ungdomsklubbane og får vanlegvis innvilga ein søknad pr år, i 2022 fikk ein to tilskot.
- Ungdomsklubbane søkjer òg aktivt midlar i Bygdeutviklingsutvalet og har fått midlar via ungdomsrådet
- Den kulturelle spaserstokken får tilskot frå Vestland fylkeskommune.
- Den kulturelle skulesekken får tilskot frå Vestland fylkeskommune.

Bidra til auka kulturtilbod til ungdom

Aktivitetar som BUA, Ung Vaksdal og prosjektet Alle med senkar terskelen for å delta for barn og unge. Ung Vaksdal har gjennom sommaren gjennomført sommaraktivitet for barn og unge med stor suksess og BUA har hatt mykje utlån. Ungdomsrådet og ungdomsklubbane har òg hatt eigne arrangement for ungdom i samarbeid med kulturavdelinga.

Tilsette/HMT

Det har vore jamleg fokus på sjukefråvær i alle personalgrupper. Arbeidsmiljøgruppa i barnehagen arbeider særst godt og systematisk og det vert opplevd som positivt arbeid. Sjukefråværet i barnehage viste ein liten nedgang med 12,1 % i 2022 og 14,7 i 2021.

Målet for barnehage er 8 %. Barnehagane gjennomførte vernerundar i 2022 og alle tilsette har hatt tilbod om medarbeidarsamtalar.

Avdelinga for kultur og inkludering har samla mange små tenester og få tilsette slik at dei fleste har fleire oppgåver. Dette gjer det ekstra viktig med godt samarbeide og kollegastøtte og det gjennomførast jamlege avdelingsmøter som samstundes er AMG-møter. Det er svært lågt sjukefråvær i avdelinga, men sidan det har vore endringar i organiseringa undervegs er det inga relevante data til samanlikning. Det har vore positivt for dei tilsette i desse tenestene å ha ein avdelingsleiar og dermed tettare oppfølging i det daglege. Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.

Helse og meistring

Tenesteområdet har ei helse- og meistringseining som utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper. Målsetnaden er at den einskilde i størst mogleg grad kan meistra eige liv og oppnå aktivitet og deltaking.


Økonomi

Helse og omsorg	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Helse og Meistring	142 135 959	128 425 000	-13 710 959	-6 055 112	133 965 777
Felleskostnader	4 660 001	4 512 999	-147 002	-60 549	3 714 244
Totalsum	146 795 960	132 937 999	-13 857 961	-6 115 661	137 680 021

Samla overforbruk for tenesteområdet er ca. 13,9 mill. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til løn der omtrent halvparten skuldast Covid-19 pandemien, dertil blant anna koronateam som var aktive heilt fram til mai. 3,8 millionar av overforbruket er knytt til legekantoret med koronateamet. Sentralt inngått avtale om dobbel og tredobbel løn for ekstravakter ga også store uventa lønsutbetalingar. Denne avtalen kom overraskande på kommunane heilt på slutten av 2021 og var ikkje budsjettet for. Første halvdel av året var det stort press på eininga, og ein måtte auka bemanning både på institusjon og i heimebaserte tenester. I tillegg har eininga hatt periodar med høgt sjukefråvær, noko som i tillegg til vakante stillingar p.g.a. rekrutteringsvanskar, har gjort at tenesteområdet har brukt meir overtid og vikarbyrå enn budsjettet for å sikra forsvarleg drift. Frå august vart det mindre press på eininga, og det vart sett i verk ei rekkje tiltak som førte til at meirforbruket stoppa opp. 1 mill. av underskotet skuldast mindre refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar enn det som var budsjettet.

Tilskot til AO-senteret og kjøp av tenester frå andre kommunar, som kommunale døgnplassar for akuttopphold (ØH/KAD), vert ført under felleskostnader helse og meistring. Meirforbruk på felleskostnader skuldast at kommunane f.o.m. 2022 vert fakturerte for kostnader frå Helsenett til drift og forvaltning av m.a. Helsenorge, Nasjonal kjernejournal og E-resept. Betalinga er fordelt på kommunane etter delkostnadsnøkkel for kommunehelse i inntektssystemet for kommunane. For Vaksdal utgjør dette i overkant av kr. 400.000 årleg. Dette var ikkje budsjettet.

Tal utskrivingsklare døgn 2016 – 2022



Kommunen har i stor grad greidd å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus innan fristen. Det er rett i underkant av 5 liggjedøgn i snitt pr. måned med ein topp i mai og juni.

Vikarbyrå har vorte nytta for å sikra forsvarleg drift ved å dekkja inn ledige sjukepleiarstillingar ein

ikkje har klart å rekruttera til, og knytt til korona/fråvær i første tertial og ferieavvikling om sommaren. Utfordringa er størst i heimetenesta. I 2022 vart det nytta totalt ca. 7,2 mill. til eksternt vikarbyrå, ein auke frå 5,4 millionar i 2021. Vikarbyrå dekker inn vakter i turnus som ein elles ville hatt lønsutgifter til, dei kjem ikkje på topp av anna bemanning. Ved fråvær og vakante stillingar, er vikarbyrå einaste måten å sikra sjukepleiekompetanse på då det ikkje er søknad på sjukepleievikariat. Heile landet slit med å skaffa sjukepleiarar både på sjukehus og i kommunane. Frå 2020 til 2021 var det ein auke på 37 % i snitt i norske kommunar til utgifter til vikarbyrå. Små kommunar brukar over dobbelt så mykje på vikarar pr. innbyggjar som mellomstore og store kommunar (sykepleien.no 12.12.2022)

Pandemi

Pandemien sette sit preg på byrjinga av 2022 slik som dei to føregåande åra. Då samfunnet opna opp att i februar, fekk ein ei betydeleg smittebølge både blant tilsette, pasientar og brukarar. Dette var særskild krevjande for eininga med smitte på sjukeheim og i heimebaserte tenester og mange sjuke pasientar/brukarar, samstundes som me mangla helsepersonell på grunn av høgt sjukefråvær. Koronateamet var i drift fram til mai då dei framleis dreiv med ein del testing og hadde mykje arbeid knytt til vaksining. Covid-19 arbeidet har kome i tillegg til dagleg drift, ikkje i staden for. Til trass for utfordringane har me også i 2022 greidd å halde oppe eit forsvarleg og godt tenestnivå. Pandemien påverka både drift og planarbeid heile det første halvåret av 2022.

Utviklingsarbeid og kompetanseheving

Sjølv om også halve 2022 vart dominert av Covid-19, har likevel mange tilsette fått auka kompetanse på fleire område. Det skuldast at ein i større grad har nytta seg av digitale opplæringsverktøy, samt at det blitt arrangert eit utval av webinar som er lettare å delta på enn eksterne kurs. Elles har ein halde fram med å samarbeida godt rundt utviklings - og effektiviseringstiltak eksternt med spesialisthelseteneste og kompetansemiljø og andre kommunar så langt det har vore mogleg. Blant anna gjennom deltaking i E-helse Vestland, som er eit samarbeidsprosjekt mellom dei to tidlegare prosjekta Velferdsteknologiprojektet i Sogn og Fjordane og Vestlandsprosjektet i Hordaland. Visjonen for prosjektet er at alle innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime i alle deler av Vestland fylke, støtta av velfungerande tenester bygd på velferdsteknologi i alle kommunane.

To team frå helse og meistring har delteke i læringsnettverk for gode pasientforløp og læringsnettverk om demensforløp.

Det er søkt om tilskot til kompetanseheving, og me fekk i 2022 kr. 454.000 frå Statsforvaltar til kompetanseheving knytt til utdanning av fagarbeidarar, desentralisert sjukepleiar- og vernepleiarutdanning og ulike vidareutdanning, masterstudie og ABC opplæringar.

Arbeidet med nytt helse- og omsorgsbygg på Vaksdal starta opp hausten 2021 og det har vore aktivitet gjennom heile 2022 med forventa ferdigstilling hausten 2023. Tilsette frå fleire avdelingar har vore involvert og følgjer prosessen tett. Dei kommunale råda følgjer også prosessen og gir innspel.

Stortingsmelding 15, Leve heile livet, er ei kvalitetsreform med hovudfokus på å skapa eit aldersvenleg Noreg og finna nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane i tenestene. Tidsplanen for gjennomføringa av reforma er 2019 – 2024. I byrjinga av 2022 vart plan for Leve heile livet reforma for Vaksdal kommune politisk handsama, og ein har starta opp med implementering og gjennomføring av tiltak. Kommunen har fått svært positive attendemeldingar på planen frå det regionale støtteapparatet.

Mål og måloppnåing

Brucarundersøking og pårørandemøte skal gjennomførast på avdelingane i samsvar med årshjul.

Det er gjennomført pårørandemøte på begge institusjonane i løpet av året. På dei andre avdelingane

blir oppfølging av pårørende gjennomført på individnivå. Korttidspasientar med pårørende får systematisk tilbod om å svara på evalueringsskjema etter avslutta opphald.

Brukarmedverknad på system-/tenestenivå skal nyttast i forbetningsarbeid.

Brukarutvalet for institusjonane og dei kommunale brukarråda har hatt faste møte gjennom året og gir innspel til utviklings- og forbetningsarbeid. Eldrerådet har ei sentral rolle i arbeidet med Leve heile livet reforma og utforming av aldersvenleg samfunn.

Gjennom samarbeid med frivilligheit og ved bruk av egna verktøy og metodar, vil me sikra at gode tilbod som fremjar deltaking og meistring, vert etablert og vidareført.

Deler av 2022 har framleis vore påverka av Covid-19 pandemien og restriksjonane knytt til denne. Første del av året var det vanskeleg å ha arrangement med mange samla, men periodevis og i siste del av året, har arrangement vorte gjennomført. Etter sommaren kom det nyttilsett frivilligkoordinator på Frivilligsentralen, og det er etablert samarbeid med henne. m.a. er det planar for å revitalisera ordninga med Aktivitetsvenn.

Me skal i samarbeid med andre jobba for etablering av eit aldersvenleg og demensvenleg samfunn.

Aldersvenleg samfunn er eit av innsatsområda i Leve heile livet reforma, og det området som har hatt størst fokus på webinar og samlingar i regi av det regionale støtteapparatet for reforma. Vaksdal kommune har delteke med tilsette frå fleire tenesteområde og brukarrepresentantar. Dette innsatsområdet har hatt fokus i planprosess og i den vedtekne planen, og Eldrerådet har i samarbeid med pensjonistlaga jobba aktivt for å tilretteleggja sentrumsnære turstiar som er universelt utforma. Demensteam er etablert, og dei deltek på Læringsnettverk om demens og har som mål å jobba for demensvenleg samfunn.

Ta i bruk digitalisering og velferdsteknologi som gir betre tenester og bidreg til meistring samstundes som ein skal ha fokus på digital utanforskap og iverksetja tiltak for å unngå dette.

Me vurderar kontinuerleg ulike teknologiske løysingar som kan vera med å dekkja behov hjå brukarar/pasientar og som gir dei auka meistring og tryggleik, eller som kan støtte pårørende i deira arbeid. Samstundes ser ein på løysingar som kan effektivisera og forenkla kvardagen til dei tilsette, slik at dei kan bruka tida si på å gi tenester til dei med størst behov. Me har tett samarbeid med IKTNH/DI og E- helse Vestland, der me samarbeide med andre kommunar og får informasjon og deler erfaringar om ulike løysingar. Det har blant anna vore anbod på nytt fagsystem for Helsestasjon, som skal setjast i drift i 2023.

Kommunen tilbyr Datahjelpa for dei som treng hjelp til å meistre digitale tenester. På Datahjelpa blir det arrangert ulike kurs/foredrag om aktuelle tema, samt gitt tilbod om ein til ein hjelp.

Få bygg og uteområde på Jamnetomta som er tilrettelagt for brukarar og gir hensiktsmessig drift.

Helse og meistring deltek aktivt i planlegging av helsebygget på Jamnetomta og er representert både i byggegruppa og i brukargruppa for bygget. Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne får orientering om status for bygg på kvart møte.

Auka bevisstheit rundt kva konsekvensar nasjonale og globale utfordringar kan få for lokalt helsetilbod, og nytta erfaringar frå pandemien i 2020-2022 til å bu oss på liknande hendingar.

Dette var eit framsynt mål, sett før me kjende til den globale Covid-19 pandemien. Dei siste åra har gitt oss praktisk øving i å handtera ein global og nasjonal pandemi, med alle konsekvensane det medførte. Alt frå stengde landegrensar, nasjonale og regionale råd og reglar, lokale utbrot og beredskapsarbeid, har påverka arbeidskvardagen i helse og omsorg i stor grad frå mars 2020 og fram til sommaren 2022. Erfaringane lokalt og nasjonalt har gitt oss auka bevisstheit og mykje kunnskap om korleis ein handterer ein pandemi, og ført til endringar i rutinar og arbeidsprosessar. Me har også erfart viktigheita av godt samarbeid internt i kommunen, på tvers av kommunegrensar og med spesialisthelsetenesta.

Helse og meistringseininga

Avdelingane i eininga:

- Heimebaserte tenester som består av heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter og fem heildøgnplassar for omsorg pluss.
- Institusjonsplassar på Helsehuset med langtids- og korttidsplassar. 10 av plassane er øyremerka langtidsbebuarar, 6-8 plassar er korttidsplassar.
- Ressurssenteret på Vaksdal med to avdelingar på til saman fire bugrupper med 32 langtidsplassar. To av bugruppene, 15 plassar, er øyremerkt personar med demens.
- Elvevegen, bueining for funksjonshemma. Her ligg også avlastningsbustad for born og Aktiviteten dagsenter.
- Tverrfagleg helse består av legekontor, kommunefysioterapeut og -ergoterapeut, psykisk helse og rus, samt helsestasjon.
- Forvaltningskontor og fysioterapeutar på driftstilskot er plasserte direkte under einingsleiar på organisasjonskartet.

Bueining for funksjonshemma

Fleire tilsette er i gong med Mitt livs ABC, eit kompetansehevande tiltak som går over to år, for dei som jobbar i tenester til personar med utviklingshemming. 2022 var første heile driftsåret for Aktiviteten, dagsenter for menneske med nedsett funksjonsevne. Det har ført til nye aktivitetar for dei som brukar dagsenter, og dei oppussa lokala har vorte brukt til felles aktivitetar for dei som bur i bufellesskapet på kveldar og helger .

I oktober blei det tilsett ny avdelingsleiar, då tidlegare leiar byrja i anna stilling i kommunen.

Heimetenesta

Fleire tilsette i heimetenesta er i gang med Demensomsorgens ABC, eit kompetansehevande tiltak innan demens for alle yrkesgrupper i helse. Dette er eit viktig ledd i styrking av demensomsorga til heimebuande. Heimesjukepleien har også i 2022 hatt utfordringar med rekruttering av sjukepleiarkompetanse, og det har vore naudsynt med innleige frå vikarbyrå store deler av året. Det vert arbeida kontinuerleg med å finne løysingar på denne utfordringa, og eininga samarbeider tett med HR-avdelinga.

Institusjon

Arbeidet med nybygget på Vaksdal er godt i gang. På Helsehuset har ein halde fram å arbeida med gode pasientforløp på korttidsavdelinga. Brukarundersøking blant korttidspasientar viser at pasientane er godt nøgde med oppfølginga dei får frå personalet.

Første halvår var det høgt press på korttidsplassar, og gjennomsnittleg 8 – 10 plassar vart brukte. Frå august og ut året har ein nytta gjennomsnittleg 5-6 plassar.

Psykisk helse og rus

I 2022 har fagområdet hatt 2,9 årsverk knytt til brukaroppfølging for vaksne over 18 år. Ein har hatt nokre svært ressurskrevjande saker i forhold til truslar, komplekse sjukdomsbilde og behov for tett og tverrfagleg samhandling. Psykisk helse og rus har mellom 50 - 60 brukarvedtak i løpet av året, og har tett samarbeid med Distriktpsikiatrisk senter (DPS), Avdeling for rusmedisin (AFR) og fastlegar. I tillegg har ein 7 ulike gruppetilbod med ca. 20 – 25 deltakarar fordelt på desse.

Kriseteam

Kriseteamet har hatt 1 fagmøte i 2022, og det har ikkje vore meldt saker dette året. Psykologen i teamet er erstatta med ein lege, då stillinga som psykolog ikkje har vore besett i 3. tertial. 2 tilsette i teamet har teke kriseteamskulen.

Legekontor

Siste store smittebølge med Covid-19 prega heile første tertial med mykje sjukdom og fråvær. Fastlegane i kommunen er stabile, og det er akseptabel ventetid. Det vart gjort forsøk på å rekruttera ALIS-lege hausten 2022, men p.g.a. regelverk og godkjenning for legar med utdanning frå utlandet, vart han tilsett som vikar. Hjelpepersonell på legekontoret har gjennomført kurs i laboratoriemedisin, lungemedisin og diabetesoppfølging.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta

Helsestasjon tilbyr svangerskapskontroll av jordmor. Jordmortenesta er organisert i samarbeid med Voss sjukehus/Helse Bergen, og Vaksdal kjøper 25 % stilling frå dei. Dette er ei god ordning som har gitt stabil jordmorteneste i fleire tiår. Avtale med spesialisthelsetenesta sikrar vikar ved langvarig fråvær samt tilknytning til fødeavdeling med fagmiljø som gir relevant arbeidserfaring og fagleg oppdatering og kompetanseheving. Noko som ikkje hadde vorte sikra ved kommunalt tilsett jordmor utan tilknytning til sjukehus/fødeavdeling. Jordmor har gjennomført 144 konsultasjonar med gravide i 2022. Nokre av desse har vore som heimebesøk, men dei aller fleste har vore på helsestasjonen. I 2022 var det registrerte 31 fødsjar. Det er 5 fleire enn i fjor, men berre ca halvparten av det som var vanleg for få år sidan. Det vart utført 25 heimebesøk. Alle nybakte foreldre fekk tilbod om heimebesøk av helsesjukepleiar, men ikkje alle ønskte dette. Desse kom på helsestasjonen og utførte konsultasjonen der i staden for. Jordmorressursen er den same som då det var dobbelt så mange fødsjar i kommunen, og jordmor melder om god kapasitet grunna stor reduksjon i fødselstal.

Me har hatt tilbod som vanleg på helsestasjonen, og i tillegg hatt tilbod om open helsestasjon utanom faste konsultasjonar. Helsestasjonen får ein del henvendingar frå foreldre utanom oppsett program, og det er låg terskel for å ta inn borna til ekstra samtaler eller kontrollar, eller oppfølging via telefonsamtaler. Frå hausten har ein tilbydd foreldrerettleiing via kurs i programmet COS-P (circle og security) og "Vær saman med".

Ressursar er brukt på flyktningar frå Ukraina som er komne til kommunen. Dette har ført til auka bruk av tolketenester (ca. 50 000 kr.).

Skulehelsetenesta har opplevd større etterspørsel etter helsesjukepleiar både på barneskulane og ungdomsskulen. Frå august styrka ein derfor skulehelsetenesta med 20% med ressursar på Helsestasjonen. Dei fleste henvendingane gjeld uro kring borna si psykiske helse.

På ungdomstrinnet ligg ein etter med konsultasjonar etter oppsett program. Det blir jobba vidare med for å bli ajour etter nyttår.

Det er ikkje starta opp med Helsestasjon for ungdom, men Helsestasjon har tatt i mot unge opp til 25 år som henvendte seg i vanleg opningstid. Det har vore 24 slike henvendingar i løpet av 2022, noko som er ein dobling frå førre år. Dei fleste av desse er i alderen 20 -25 år.

Helsestasjonen har eigen fysioterapeut i 40 % prosjektstilling. Fysioterapeuten deltek på konsultasjonar saman med helsesjukepleiar, har eigne oppfølgingskonsultasjonar og tilbyr også gruppetrening for nybakte mødre.

Avdelinga har hatt langtidsfråvær, slik at drifta har vore redusert frå eit normalår. Grunna låge fødselstal siste åra, har drifta av helsestasjonen gått greitt til tross for fråvær.

Ergo- og fysioterapi:

Ergoterapitenesta leverer tenester til brukarar i heile kommunen. Dette inkluderer institusjonar, bustad for psykisk utviklingshemma, sjukeheimane, skule, barnehage, og brukarar i private bustadar og omsorgsbustadar. Kjernen i ergoterapi er å fremja helse og livskvalitet gjennom aktivitet og deltaking i leik, arbeid og eigenomsorg. Intervensjonen tek for seg menneska sine føresetnadar for å

vera aktive og deltakande i kvardagslivet. Delar av ergoterapikompetansen er tilknytt forvaltningskontoret, for breidare tverrfagleg samarbeid og fokus ved tildeling av tenester. I 2022 var det 281 tilvisingar til ergoterapitenesta, akkurat like mange som året før.

Aktivitetsstatistikk frå Nav Hjelpemiddelsentral for Vaksdal kommune

	2022	2021	2020
Tal på aktive brukarar	712	678	640
Tal på brukarar med utlevert hjelpemiddel i perioden	133	163	178
Tal på nye brukarar i perioden	38	39	45
Tal på utleverte hjelpemiddel	722	721	725
Tal på innleverte hjelpemiddel	158	208	363

Samla verdi for utleverte hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen til Vaksdal kommune var i 2022 noko over 2,7 millionar kr.

Den kommunale fysioterapeuten hadde 1042 konsultasjonar i 2022 (1001 i 2021, 905 i 2020, 979 i 2019). Kommunefysioterapeuten jobbar hovudsakleg med brukarar over 18 år som har behov for fleire koordinerte kommunale tenester, oppheld seg i institusjon eller treng behandling i eige miljø. Brukarane er tilvist frå spesialisthelsetenesta, fastlegar, personale ved sjukeheimane og andre kommunale tenester som heimetenesta. Brukarane kan også sjølv ta kontakt med fysioterapitenesta. Den kommunale fysioterapeuten har delteke i og organisert 5 gruppetilbod i 2022. Ei treningsgruppe for hjarte/lungesjuka, ei trivselsgruppe i samarbeid med psykisk helse og rus, og tre bassenggrupper for personar med ulike diagnoser saman med avtalefysioterapeut. I tillegg til kommunefysioterapeut er det tre fysioterapeutar med driftstilskot i kommunen, samt ei prosjektstilling knytt til helsestasjon.

Fordeling brukarar over 18 år som får fysioterapi:

	2022	2021	2020	2019
Sjukeheim langtid	32	28	16	42
Korttidsplass (og tryggleiksplass)	344	311	320	251
Poliklinikk	214	250	168	401
Heimebesøk	452	412	401	491

Forvaltning:

Forvaltningskontoret fatta 590 vedtak i 2022 (709 i 2021, 731 i 2020, 886 i 2019, 803 i 2018 og 945 i 2017). Det har vore 1 klagesak på vedtak etter Helse - og omsorgstenestelova, som vart sendt vidare til Statsforvaltaren. Vedtaket vart oppheva, og saka vart handsama på nytt.

I 2022 oppretta me Demensteam i kommunen. Demensteamet er knytt til forvaltningskontoret, men har også medlem frå heimetenesta og institusjon og er tverrfagleg samansett med sjukepleiar, vernepleiar, ergoterapeut og helsefagarbeidar. To tilsette i demensteamet har teke vidareutdanning innan demens dette året. Demensteamet deltek også i Læringsnettverk om demens.

Tal brukarar av heimebaserte tenester 2015 – 2022:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Heimehjelp	132	136	141	138	128	108	105	125
Heimesjukepleie	140	147	160	162	140	122	124	149
Dagsenter	37	45	53	52	43	40	33	45
Tryggleiksalarm	94	106	116	121	115	112	108	121
Matombringing	39	49	47	38	35	24	8	19
Avlasting	8	8	9	11	12	7	6	4
Støttekontakt	25	28	30	28	26	23	22	23
Omsorgsløn	13	12	12	12	11	13	13	13
Pers. assistent	9	10	10	9	8	8	8	6

Data henta frå kodane: DHH, DHP, DAM/DAM2, TRY, MAB/MID og KOSTRA-tabell 6.

Mål og måloppnåing

Gjennomføra pårørandemøte på begge institusjonane og i Elvevegen.

Pårørandemøte på institusjonane er gjennomført. I Elvevegen skjer møta individuelt og kontinuerleg.

Gjennomføra brukarundersøking på omsorg pluss som inkluderer brukarar, pårørande og tilsette.

Undersøkinga har ikkje vorte prioritert i løpet av 2022 grunna stort arbeidspress. Er planlagt gjennomført i løpet av første halvår 2023.

Gjennomføra brukarundersøking etter 1 års drift på dagsenter for personar med utviklingshemming.

Undersøkinga er utsett til første halvår 2023 grunna stort sjukefråvær og skifte av leiar på avdelinga.

Nyttiggjera oss informasjon som kjem via Norce Feedback i Psykisk helse og rus, både til oppfølging av brukarar og på systemnivå.

Verktøyet er teke i bruk av tilsette i oppfølging av brukarane. Det blir brukt ved kartlegging, samt nyttast for å betre kvaliteten på tenesteutøvinga på individnivå.

Etablera førebyggjande heimebesøk som fast ordning i Vaksdal.

I løpet av 2022 har ein planlagt tilbodet og gjennomført informasjons- og innspelmøte med råd, lag og organisasjonar. Første innkallinga/samlinga vert i første halvår 2023.

Integrera helsestasjon som del av helse – og meistringseininga, og samstundes halda på tverrfagleg samarbeid med oppvekst.

Helsestasjonen er plassert i avdelinga tverrfagleg helse, og er no integrert i helseeininga sitt tenestekområde. Eininga har eit tett samarbeid med oppvekst, og har blant anna delteke aktivt i arbeidet med førebyggjande plan.

Halde fram med å digitalisere rutinar i helse og meistring.

Arbeidet held fram, og nye rutinar er utarbeida i løpet av året. Arbeidet er noko forsinka då einingsleiar har hatt permisjon halve året.

Nytta erfaring frå tenketanken og velferdsteknologi inn mot Elvevegen.

Me deltek i møta i Tenketanken i E- helse Vestland. Representant frå Elvevegen som har delteke, gjekk over i anna stilling i oktober, og denne blir erstatta av annan tilsett i Elvevegen. Det er planlagt innføring av MemoPlanner , eit tids – og planleggingsverktøy, til bebuarar i Elvevegen.

Tildela velferdsteknologi på lik linje med andre tenester.

Har byrja å testa ut medisindispensarar i heimetenesta i 2022, og vidare utrulling er sett til 1. tertial 2023. På Ressurssenteret på Vaksdal har ein hatt fokus på pasienttryggleik og god nattesøvn for pasientar ved bruk av RoomMate og moglegheiter som er i pasientvarslingsanlegget.

Halda fram med å bruka musikk miljøterapeutisk i demensomsorga og nytta erfaring frå dette inn mot dei andre sjukeheimsavdelingane.

Musikk blir teken i bruk i ulike samanhengar, og metoden utviklast vidare. Musikkpreferansar er blitt ein del av det som blir kartlagt når ein person får fast plass på institusjon.

Nytta det siste året med finansiert rusprosjekt til å forbereda rusoppfølging på individ – og systemnivå i ordinær drift.

Deltok i nettverk opp mot Distriktpsikiatrisk senter (DPS) og Avdeling for rusmedisin (AFR) i regi av Helse Bergen, og greier ut mogleg samarbeid opp mot DPS angående FACT team. FACT team er eit tilbod til personar med alvorlege psykiske lidningar, der kommunen og spesialisthelsetenesta samarbeider om heilskapleg oppfølging. Deler av oppfølginga kan skje i heimen. Det er sett i gong arbeid med å etablere ROP - forløp i samhandling med DPS. Forkortingane ROP brukast som samlebegrep for “samtidig ruslidelse og psykisk lidelse”. Arbeidet er mest på systemnivå, men gir også tettare oppfølging på individnivå.

Saman med tillitsvalde jobba for å nå mål om heiltidskultur og ta i bruk turnusordningar som mogleggjer dette.

Ny turnusavtale er forhandla fram der alle aktuelle tilsette starta opp med årsturnus frå 01.12.22. Timebankstillingar er implementert, og fleire tilsette har fått stillingsauke gjennom denne ordninga.


Tilsette/HMT

Helse og meistring har ei metodisk tilnærming til HMT arbeid. Ein gjennomfører vernerundar, utformar handlingsplanar, og jobbar med og lukkar avvik. Arbeidsmiljøgruppene har vore aktive på alle avdelingar. AMG helse og meistring gjennomførte sine 4 årlege møte og hadde saker som sjukefråvær, arbeidsmiljø, økonomi/budsjett, kompetanseplan, Covid-19, samhandling og samarbeid oppe.

Eininga har hatt fleire episodar og pågåande situasjonar med truslar og ubehagelege situasjonar/opplevingar. Fleire avdelingar har vore involverte i dette. Det har vore fokus på førebygging og handtering og bearbeiding av truslar og ubehageleg situasjonar. Dette har vore tema på personalmøte, og utsette tilsette eller grupper av tilsette har fått rettleiing. Det har vore arrangert to kurs for tilsette i “Handtering av vald og truslar” i samarbeid med Bedriftshelsetenesta Avanova. Tilsette har gitt god attendemelding på kursa, og ny kursdag er oppsett over nyttår 2023.

Helse og meistring har laga rutine for debrief i arbeidsmiljøet etter hendingar som krev psykososial oppfølging. Helsepersonell kan kome i situasjonar som gjev psykososial belastning hos tilsette. Dei må forhalda seg til alvorleg sjuke menneske og deira pårørande, menneske i sorg eller krise, dødsfall etc. Me har gjennom åra gjennomført fleire formelle debriefar på ulike avdelingar. No er debrief gjort skriftleg som ei rutine, og gjeld heile eininga. Rutinen er todelt; kollegastøtte på den aktuelle vakta hendinga skjer og debrief i regi av avdelingsleiar i etterkant av hendinga.

Første halvdel av 2022 har også vore prega av pandemien og handtering av denne. Me har hatt fokus på verknaden dette har i arbeidsmiljøet. Å stå i kriseberedskap over tid, kan ha konsekvensar for både fysisk og mental helse. Samstundes har me også i løpet av pandemien erfart at me kan handtera denne typen ekstremsituasjonar og likevel klara å holda oppe forsvarleg drift.



Samla sjukefråvær i 2022 blei 12,2 %, der langtidsfråværet er absolutt størst. Spesielt etter sommaren har langtidsfråværet auka. Samla fråvær og langtidsfråvær er noko lågare enn i 2021, medan korttidsfråværet er litt høgare. Korttidsfråværet har variert gjennom året. I byrjinga av 2022 var sjukefråværet prega av låg terskel for fråvær grunna Covid-19 med reglar for eigenmelding ved små symptom og isolasjons – og karantenetid. Hausten og vinteren 2022 vart også prega i periodar av infeksjonssjukdomar som påverka korttidsfråværet. Eininga driv med systematisk oppfølging av langtidsjukemelde og tilsette i permisjon i samarbeid med HR og NAV.

Status for arbeidet med heiltidskultur i helse og meistring.

- Arbeidsgjevar, Norsk sjukepleiarforbund og Fagforbundet gjennomførte forhandlingar og inngjekk felles årsturnusavtale våren 2022.
- I samband med årsturnus har fleire tilsette fått stillingsauke gjennom timebanksordning. Ved utgangen av 2022 har helse og meistring ein total timebank på om lag 1,7 årsverk.
- Alle aktuelle deltidsstillingar i turnus som skal lysast ut, vert vurdert å kopla opp mot timebank.
- Alle stillingar som vert ledige i helse og meistring, vert vurdert å kopla helg på dersom stillinga ikkje har dette frå før. Me kan ikkje skapa heiltidskultur i helse utan å sjå på intervall for helgearbeid.

Budsjettpremissar for 2022:

- *42 langtidsplassar og 6-8 korttidsplassar på institusjon.*
Første halvår var det stort press på institusjonsplassar, og me måtte bruka fleire korttidsplassar enn det som var budsjettert. Det var mange dødsfall på institusjon sommaren 2022, og etter sommaren vart presset merkbart lågare på institusjonsplassar, og det har vore god sirkulasjon i korttid – og avlastingsplassar.
- *Under 5 betalte liggjedøgn på sjukehus pr. måned i snitt.*
Gjennomsnittet for året er 4,83 liggjedøgn pr måned i betalte liggjedøgn. Liggjedøgn har variert frå 0 til 18 pr. måned med topp i mai og juni. Variasjonar i løpet av året er normalt, og me har greidd målet om å halda oss under 5 betalte liggjedøgn i snitt pr. mnd.
- *Rekruttera og behalda kompetanse, framfor leige av sjukepleiar gjennom vikarbyrå.*
Det har vore tilbydd gode ordningar og støtte til tilsette som vil utdanna seg, ta desentralisert sjukepleie – og vernepleiarutdanning eller ta vidareutdanningar. Det blir gitt tilbod om å nytta digitale opplæringsverktøy og delta på webinar og kurs/seminar for å halda seg oppdatert eller ved behov for ny kompetanse. Avdelingane har stort fokus på arbeidsmiljø og gjennomfører fleire sosiale tiltak og markeringar for tilsette.
Det er forhandla fram felles årsturnusavtale som gir større moglegheit til å bruka timebankordning for å få høgare stillingar og dekkja lengre sjukefråvær for dei som ønskjer

det. Ved utlysning av sjukepleiarstillingar vert desse alltid lyst ut som 100%. Det er laga kreative kampanjar og spreidd utlysingar i ulike fora for å rekruttera. Likevel har det vore krevjande å få tak i helsepersonell. Det er svært vanskeleg å rekruttera sjukepleiarar, og me opplever at andre kommunar/arbeidsplassar tilbyr betre løn og/eller andre godar i konkurranse om sjukepleiarane. Tilsette på avdelingane har teke på seg vakter som er ledige, og ein del har jobba overtid, men det har ikkje vore nok til å ta unna det som er ledig. For å klara å gje lovpålagde tenester og driva forsvarleg, måtte ein i 2022 nytta vikarbyrå store deler av året, spesielt i heimesjukepleien.

Sidan helse – og omsorgstenestene har same drift heile året, blir det ekstra utfordrande om sommaren når halvparten av dei tilsette er på ferie samstundes som ein har vakante stillingar. Problemstillinga vert forsterka av at avdelingane/fagmiljøa er små og derfor ikkje har mange nok tilsette med fagkompetanse til å sikra fagleg forsvarlegheit på avdelingane i ferieperiodar, særleg gjeld dette sjukepleiekompetanse. Heimesjukepleien og institusjonane må nytta vikarbyrå for å sikra forsvarleg drift i sommarferieavviklinga.

Digitalisering, innovasjon og samfunn

Tenesteområdet har ansvar for

- koordinering og utvikling av digitalisering og innovasjon i kommuneorganisasjonen,
- deltaking og kostnader med IKT drift og utvikling av vår digitale infrastruktur og digitale system innan kommunale tenester og medfinansiering av regionale og nasjonale løysingar.
- ivareta god dokumentasjonsforvaltning i kommunen, innsynsløysingar og samarbeidet med interkommunalt arkiv (IKAH).
- drift og utvikling av kritisk infrastruktur som veg og grønt, vatn og avlaup i kommunen
- drift og utvikling av bygg og anlegg, eigedomsforvaltning, reinhald og vaskeri
- drift og utvikling av brann- og redningstenestene i samarbeid med Bergen brannvesen, sikre lokal beredskap, mannskap og utstyr
- areal- og samfunnsplanlegging lokalt og gjennom interkommunale samarbeid
- lokal lovforvaltning gjennom saksbehandling innan plan- og byggesak, natur og miljø, klima, landbruk og skog, vilt og fiske, vassdrag og sjø, kart og oppmåling, kulturminne
- planlegging og prosjektstyring av større og mindre prosjekt

Kostnader med ulike samarbeid og tilskot som stimuleringsmidlar til bustader og til etablering, tilskot til arbeid med næringsutvikling gjennom Vaksdal Næringssselskap AS, samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd vedkomande badeplassar, samarbeid om båtrute i Osterfjorden, ulike satsingar i regionen og tilskot til ulike aktivitetar ulike stader i kommunen.

Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort og krev godt tverrfagleg samarbeid. Det er nødvendig å delta i interkommunalt samarbeid for å sikre god kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet på fleire av fagområda. Kostnadane til kjøp av tenester er sterkt aukande, men krava til kompetanse og kapasitet på desse områda kan ikkje kommunen klare aleine. Innanfor beredskap, brann og redning, digitalisering og arkivforvaltning er det ein sterk kostnadsvekst som følgje av lovkrav og utviklingsbehov i tenestene.

- IKTNH og DI - interkommunalt samarbeid om drift og digitalisering – 11 kommunar
- Nordhordland Digitalt – kart og geodata, kompetanse og nettverk plan, byggesak og tekniske fag
- IKAH – interkommunalt samarbeid om arkivforvaltning/bevaring (pålagt)
- 110- sentral Vestland (pålagt)

- Vest brann og redning – kompetanse og beredskap
- IUA- interkommunalt utval mot akutt forureining (pålagt)
- Bergen brannvesen - nabokommunar
- Veterinærtenester - nabokommunar
- Hjorteforvaltning -nabokommunar
- Vann Vest AS– driftsassistanse og kompetanse VA
- Bergen og omland friluftsråd
- Digi Vestland - kompetanse og utvikling digitalisering

Tenesteområdet arbeider med berekraftmåla i planlegging, drift, forvaltning og utvikling.

Fleire av berekraftmåla omhandlar område som er viktig for klima og miljø: reint vatn, rein energi, innovasjon og infrastruktur, berekraftige byar og samfunn, ansvarleg forbruk og produksjon, stoppe klimaendringane, liv under vatn og på land



Samfunn

Eininga samfunn spenner frå eigedomsforvaltning, veg, vatn og avlaup, brann og redning til plan og areal, byggesak, natur og miljø, klima, land- og skogbruk, vilt og fiske, vassdrag og sjø, kart og oppmåling, kulturminne og prosjektstyring/leiing. Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort og krev godt tverrfagleg samarbeid.

Med små og sårbare fagmiljø er kommunen avhengig av kjøp av meir spesialiserte tenester og større kapasitet både i drift og ved investeringar. Kommunen deltek også i interkommunalt samarbeid i regionen der det er formålstenleg og i nokre tilfelle pålagt, til dømes for å sikre betre kvalitet og kapasitet. Kostnadane til kjøp av tenester utgjer ein stor del av budsjettet innan tenesteområdet.

Ansvar for gjennomføring av utbyggingsprosjekt er i all hovudsak lagt til eininga. Dei store byggeprosjekta med ny skule på Vaksdal, nytt helse- og omsorgsbygg på Vaksdal og ombygging til ny brannstasjon på Vaksdal er spennande og krev mykje ressursar internt i eininga.

Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til enkelte fagstillingar og vi har hatt fleire vakansar også i 2022. For å dekke fagfeltet har kommunen kjøpt tenester frå andre kommunar og private aktørar.

Digitalisering og innovasjon

Arbeidet med digitalisering og innovasjon er tett knytt til det interkommunale samarbeidet i regionen. Kommunalsjef har ansvar for oppfylginga mot regionen og koordineringa mellom tenestene lokalt. Digitalisering er eit av fokusområda for heile organisasjonen. Tenesteområdet har ingen tilsette på dette feltet i dag, det må arbeidast tverrfagleg med prosjekt og utvikling.

Arkiv har ansvar for arkivforvaltninga samla og arkivplanen i kommunen, medan dei ulike fagarkiva er ivarettatt av fagområda. Stillinga som arkivleiar har vore vakant sidan juni og har vist seg vanskeleg å rekruttere til. Det gjer at bemanninga er kritisk låg med knapt ein 100% stilling i post/arkiv funksjonen. Gjennom samarbeidet i regionen nyter vi godt av kompetansen frå vår felles fagressurs.

Økonomi

Aktiviteten har vore høg på alle driftsområde gjennom året.

Innan budsjetttramma er det ført kostnader med ulike tilskot som stimuleringsmidlar til bustader og til etablering, tilskot til arbeid med næringsutvikling gjennom Vaksdal Næringssselskap AS, samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd vedkomande badeplassar mv, og tilskot til ulike aktivitetar ulike stader i kommunen.

Kostnader for fellesfunksjonar som fast og trådløst nett, drift og utvikling av digital infrastruktur og digitale system, og felles post og arkivteneste.

Samfunnsutvikling	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Corona	Regnskap 2021
Felleskostnader	3 752 787	6 650 000	2 897 213	0	0
Samfunn	44 749 382	38 728 000	-6 021 382	-186 251	39 685 418
Totalsum	48 502 169	45 378 000	-3 124 169	-186 251	39 685 418

Underskotet er knytt til fleire forhold:

- meirkostnadar brann grunna manglande budsjettering på brannområdet etter omorganisering ca. 3,4 mill.
- auka straumutgifter på bygga,
- stor prisstigning som m.a. har gitt auka kostnader til drivstoff, materiell og driftsavtaler.
- auka kostnader for interkommunalt samarbeid m.a. brann og beredskap, IKAH, DigiVestland
- reduserte leigeinntekter

Deler av meirkostnaden er dekkja inn gjennom vakante stillingar og refusjonar for sjukefråvær i deler av året.

På fellesområdet er det eit mindreforbruk som skuldast vakant stilling samt at ei større faktura (IKTNH 1.termin) vart regnskapsført i førre rekneskapsår.

Samla har tenesteområdet ei negativt avvik på 3,1 mill.

Mål og måloppnåing

- Ferdigstille områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle
Planarbeidet har vorte forseinka grunna kapasitetsproblem hos innleigde plankonsulentar. Planen for Vaksdal vert ferdigstilt først sidan første del av veg/bane-utbygginga startar på Vaksdal. Planutkast og føresegner for områdeplan Vaksdal er venta ferdigstilt 1.halvår 2023. Arbeid med ferdigstilling av områdeplanen for Stanghelle pågår.
- Ferdigstille breibandsplanen
Planen er vedtatt. Oversikt årlege kostnader ved gjennomføring er lagt fram i samband med økonomiplanen.
- Utarbeide høyringsuttalar til vilkårsrevisjonar
Høyringsuttalar vart lagt fram og vedtatt i januar. Det vart gjennomført synfaringar i september.

- God framdrift i byggeprosjekta for Vaksdal skule og helse- og omsorgsbygget på Vaksdal
Skulen vart ferdigstilt til skulestart og er teken i bruk. Helse og omsorgsbygget skal stå klar til innflytting hausten 2023. Begge prosjekta har hatt litt forseinka framdrift knytt til forseinka materialleveransar.
- Auka kompetanse og kapasitet innan plan og byggesak
Nye sakshandsamarar innan både plan og byggesak starta i vinter og vil tilføre både kompetanse og kapasitet til dette feltet.

Budsjettpremissar for 2022

- Utarbeide høyringsuttalar til vilkårsrevisjonar
Status: Gjennomført innan frist.
- Ferdigstille reguleringsplan for Dale gravplass
Status: planløyning utløyste behov for fleire undersøkingar av grunn mv. Undersøkingar og rapport vert gjennomført våren 2023.
- Ferdigstille Hovudplan for VA
Status: Utsett grunna vakant stilling. VA-ingeniør slutta i januar 2022 og rekruttering til stillinga har ikkje lukkast. Kommunen leiger inn kompetanse til det mest nødvendige, men det er begrensa kapasitet i marknaden. Planarbeidet vert vidareført når situasjonen bedrar seg.

HMT

Samla sjukefråvær var 12,3 %, noko som er høgare enn tidlegare.

Tenesteområdet har hatt nokre langtidssjukemelde dette året som viser på fråværsstatikken i 2022.

Dette er ikkje arbeidsrelatert fråvær og dei fleste er no tilbake i stilling. Korttidsfråværet er lågt og på nivå som tidlegare år.

Felles økonomi

Felleskostnader administrasjon/politisk for kommunen og alle tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik. Det kan derfor førekoma store eller mindre avvik på dette området.

Felles økonomi	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Felleskostnader	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096
Totalsum	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096

Positivt avvik på 5,3 mill. Hovudårsaka til avviket er noko føring mot premiefond og motpost avskrivning på sjølvkostområda. Desse summane er utover budsjett og/eller ikkje budsjettet. I 2022 er også kostnader til mellom anna IKTNH flytta til DIS og dette gjer at rekneskapen visar lågare tal i 2022 enn i 2021.

Under fellesøkonomi er det budsjettet kostnader til drift av politisk styre, utval og råd og ordførar/ varaordførar, revisjon, tilskot til kyrkjeleg fellesråd, tilskot til andre trussamfunn m.v.

Av felleskostnader er dette dei største postane:

- 5,3 mill. som overføringar og den største posten er overføring til kyrkja (4,2 mill). Posten inneheldt også overføringar til trdomssamfunn og overføring til politiske parti i Vaksdal Kommune.
- 1,8 mill. er kjøp av konsulenttenester. Mykje av dette er kjøp av teneste frå advokat, revisor samt forvaltningsrevisjonar som er tinga av kontrollutvalet. Andre postar er kjøp av tenester i forbindelse med forvaltning av lån og finansportefølje og juridisk bistand samt kjøp av sekretærtjenester til kontrollutvalet.

Mål og måloppnåing

Utviklingsarbeid og digitalisering

Vaksdal deltar i digitalisering- og innovasjonsarbeidet i NH saman med 11 kommunar. Med utgangspunkt i felles strategi og handlingsplanar har kommunane gjennomført fleire digitaliseringsprosjekt i 2022. Kommunen har mellom anna starta opp prosjekt med opplæring i digital bruk for eldre og har starta med chat boot kommune kari.

Vidareutvikle kommunikasjon og innbyggartilbod

Det vert jobba med å vidareutvikle vår innbyggarservice og kommunikasjonsarbeidet generelt.

Delta i interkommunalt samarbeid

Kommunen deltar i mange ulike samarbeidsformer med andre kommunar. Alt frå formelle samarbeid etter kommunelova og selskapslova til faglege nettverk og faglege nettverk. Dette utviklar kompetansen vår, styrkar tenesteutviklinga og reduserer sårbarheita i organisasjonen.

Innan stab- og støtte deltar vi i utviklingssamarbeid i regionen og med enkeltkommunar. Innan kommunen sine fellesområde deltar vi i interkommunalt samarbeid innan IKT, digitalisering og innovasjon, innkjøp, arkivforvaltning og deponering, skjenke og tobakkskontroll, arbeidsgjevarkontroll og bokettersyn.

Implementering av strategisk kompetanseplan

Kommunen har jobba med å implementere strategisk kompetanseplan, og alle einingane er i gang med å lage dette innanfor sitt felt. Arbeidet gjer eit godt bilde på den kompetansen kommunen må ha for å møte framtidens krav.

Revisjon arbeidsgjevarpolitikk og lønspolitikk

Lønnspolitikken er ferdigstilt og arbeidsgjevarpolitikken er det starta et arbeid med og vil bli ferdig stilt i 2023

Utarbeide innkjøpsstrategi

Kommunen har utarbeida innkjøpsstrategi som blei vedteke i 1 tertial. Det vil bli jobba med å følgje opp denne strategien i organisasjonen framover.

Oppfølging av budsjettpremiss

Jobbe for å implementere godkjenning av faktura på mobil

Godkjenning av faktura på mobil er implementert og tatt i bruk

Oppnå netto driftsresultat på 1,75%

Netto driftsresultat ble 3,9% så premisset er oppfylt

Pr 31.12 oppnå vektet rente på gjeldsporteføljen aom er lavere enn 3 mnd NIBOR + 1%

Vektet gjennomsnittrente på porteføljen var pr 31.12.22 var 2,82%. 3 mnd NIBOR var pr 31.12 på 3,35% og styringsrenten var 2,75%. Premisset er dermed oppfylt.

Alle einingene og staben skal ta i bruk Netpower avvikssystem
Netpower avvikssystem er i bruk i heile organisasjonen

4 planlagde AMU møtar skal gjennomførast i henhold til årsjul (mars, juni, september og desember)
4 møter er gjennomført.

Vedlegg 2. Økonomisk oversyn

Bevilgningsoversikt - drift (regnskap) §5-4	Regnskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Rammetilskudd	181 460 384	171 131 000	171 131 000	181 361 225
Inntekts- og formueskatt	124 052 685	115 229 000	115 229 000	118 388 250
Eiendomsskatt	38 707 364	38 300 000	38 300 000	40 982 356
Andre generelle driftsinntekter	7 453 776	7 983 000	7 983 000	8 704 864
Konsesjonskraft	18 373 949	17 326 000	17 326 000	4 432 243
Sum generelle driftsinntekter	370 048 158	349 969 000	349 969 000	353 868 938
Sum bevilgninger drift, netto	312 856 142	294 908 000	294 908 000	300 016 250
Kostnader finansiert ved bruk av fond i einingene	26 218	8 332 516	4 764 000	8 923 149
Finansføringer på tenestoområda	42 048	1 982 700	1 983 000	37 844
Avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
Sum netto driftsutgifter	347 747 178	342 023 216	338 455 000	342 288 535
Brutto driftsresultat	22 300 980	7 945 784	11 514 000	11 580 403
Renteinntekter	3 740 439	1 500 000	1 500 000	1 144 509
Utbytter	4 637 825	2 872 000	2 872 000	3 248 620
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 971 474	1 500 000	1 500 000	5 361 724
Renteutgifter	12 038 161	10 600 000	10 600 000	7 156 278
Avdrag på lån	34 002 124	34 000 000	34 000 000	31 917 905
Netto finansutgifter	- 38 633 495	38 728 000	- 38 728 000	- 29 319 330
Motpost avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
Netto driftsresultat	18 490 140	6 017 784	9 586 000	15 572 250
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	- 9 442 761	- 9 442 761	- 7 550 000	- 2 450 161
Avsetning til bundne driftsfond	- 6 476 538	- 5 060 000	- 5 060 000	- 5 174 650
Bruk av bundne driftsfond	3 302 574	3 720 354	3 110 000	6 602 003
Avsetning til disposisjonsfond	- 5 873 517	- 4 795 000	- 4 775 000	- 14 549 442
Bruk av disposisjonsfond	-	9 562 523	4 689 000	
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 18 490 242	- 6 014 884	- 9 586 000	- 15 572 250
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Rekneskapsskjema bevilgninger

Oversikt over detaljer bevilgning jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar § 5-4, andre ledd, er i vedlegg.

Tenestoområde	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Regnskap 2021
Fellesområde Økonomi	11 856 334	17 128 116	5 271 782	-225 906	19 221 096
Tenestoområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn	48 502 169	45 378 000	-3 124 169	-186 251	39 685 418
Tenestoområde Helse og Meistring	146 795 960	132 937 999	-13 857 961	-6 115 661	137 680 021
Tenestoområde oppvekst og kultur	105 701 679	99 463 885	-6 237 794	-843 496	109 135 610
Totalsum	312 856 142	294 908 000	-17 948 142	-7 371 314	305 722 145

Økonomiske oversikter				
Økonomisk oversikt - drift §5-6				
	Regnskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	181 460 384	171 131 000	171 131 000	181 361 225
2 Inntekts- og formuesskatt	104 925 044	115 229 000	115 229 000	98 967 732
3 Eiendomsskatt	38 707 364	38 300 000	38 300 000	40 982 356
4 Andre skatteinntekter	22 911 855	3 700 000	3 700 000	23 186 284
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	18 790 125	4 282 700	4 282 700	17 347 683
6 Overføringer og tilskudd fra andre	67 843 853	52 250 113	52 250 113	61 408 979
7 Brukerbetalinger	18 011 928	18 200 967	18 200 967	18 493 415
8 Salgs- og leieinntekter	24 105 975	19 677 644	19 677 644	22 216 081
9 Sum driftsinntekter	476 756 528	422 771 424	422 771 424	463 963 755
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	219 548 074	200 202 330	200 202 330	218 184 889
11 Sosiale utgifter	56 933 176	60 195 794	60 195 794	56 408 290
12 Kjøp av varer og tjenester	114 060 039	101 598 968	98 960 156	113 137 486
13 Overføringer og tilskudd til andre	29 091 501	16 031 448	15 098 852	31 341 511
14 Avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
15 Sum driftsutgifter	454 455 561	414 828 540	411 257 132	452 383 468
16 Brutto driftsresultat	22 300 967	7 942 884	11 514 292	11 580 287
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	3 740 439	1 500 000	1 500 000	1 144 509
18 Utbytter	4 637 825	2 872 000	2 872 000	3 248 620
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 971 474	1 500 000	1 500 000	5 361 724
20 Renteutgifter	12 038 161	10 600 000	10 600 000	7 156 278
21 Avdrag på lån	34 002 124	34 000 000	34 000 000	31 917 905
22 Netto finansutgifter	- 38 633 495	- 38 728 000	- 38 728 000	- 29 319 330
23 Motpost avskrivninger	34 822 770	36 800 000	36 800 000	33 311 292
24 Netto driftsresultat	18 490 242	6 014 884	9 586 292	15 572 249
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	9 442 761	9 442 761	7 550 000	2 450 161
26 Avsetninger til bundne driftsfond	6 476 538	5 060 000	5 060 000	5 174 649
27 Bruk av bundne driftsfond	- 3 302 574	- 3 720 354	- 3 109 655	- 6 602 003
28 Avsetninger til disposisjonsfond	5 873 517	4 795 000	4 775 000	14 549 442
29 Bruk av disposisjonsfond	-	- 9 562 523	- 4 689 053	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	18 490 242	6 014 884	9 586 292	15 572 249
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	-	-	-

Økonomiske oversikter				
Bevilgningsoversikt - invest. § 5-5				
	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i varige driftsmidler	153 005 832	90 764 159	87 200 000	99 917 943
Tilskudd til andres investeringer	208 103	208 103	200 000	227 408
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 019 125	1 019 125	-	965 417
Utlån av egne midler	-	7 400 000	3 400 000	-
Avdrag på lån	-	350 000	-	-
Sum investeringsutgifter	154 233 060	99 741 387	90 800 000	101 110 768
Kompensasjon for merverdiavgift	29 233 603	15 740 000	15 680 000	17 305 893
Tilskudd fra andre	7 726 910	7 370 000	-	4 549 526
Salg av varige driftsmidler	787 600	3 000 000	-	2 630 619
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	1 400 000	1 400 000	-
Bruk av lån	61 020 000	61 020 000	62 170 000	72 571 614
Sum investeringsinntekter	98 768 113	88 530 000	79 250 000	97 057 652
Videreutlån	3 564	-	-	6 146 246
Bruk av lån til videreutlån	3 564	4 000 000	-	6 146 246
Avdrag på lån til videreutlån	2 183 559	-	-	3 528 000
Mottatte avdrag på videreutlån	1 497 303	-	-	2 649 790
Netto utgifter videreutlån	686 256	- 4 000 000	-	878 210
Overføring fra drift	- 9 442 761	- 9 442 761	- 11 550 000	- 2 450 161
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	707	-	-	355 674
22 Bruk av bundne investeringsfond	- 598 033	- 242 358	-	- 1 009 218
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	-	7 370 000	-	689 634
24 Bruk av ubundet investeringsfond	- 4 896 268	- 4 896 268	-	- 2 517 255
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 14 936 354	- 7 211 387	- 11 550 000	- 4 931 326
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	41 214 848	-	-	-

Oversikt over detaljer bevilgning jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar § 5-5, andre ledd.

Prosjekt	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk i %	
ALLE	146 407 166	82 310 000	178 %	
K10000	IKT- OG DATASIKKERHEITSLØYSING	940 392	1 200 000	78 %
K10010	INVESTERING KYRKJER - ÅRLEG LØYVING	200 000	200 000	100 %
K10011	KYRKJA - GRAVPLASS PÅ DALE	299 087	3 000 000	10 %
K20010	PROSJEKT DEMENSSENTER/HELSEHUS	1 005 947	0	
K20011	PROSJEKT DEMENSSENTER/HELSEHUS - BYGG	81 906 947	23 100 000	355 %
K20012	PROSJEKT DEMENSSENTER/HELSEHUS - UTSTYR	0	2 000 000	0 %
K20014	SOLSKJERMING DALE	0	0	
K20021	DAGSENTER ELVAVEGEN	125 347	0	
K30016	RIVING DALEHALLEN	2 500	0	
K30021	OPPRUSTING UTEOMRÅDE SKULAR/BARNEHAGE	151 274	200 000	76 %
K30050	DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE	1 101 439	0	
K30060	VAKSDAL SKULE	43 788 324	27 750 000	158 %
K30070	STAMNES OPPVEKSTTUN	607 279	0	
K40001	OMBYGGING HERADSHUSET (1 - 3 ETG)	-22 098	60 000	-37 %
K40010	INVESTERINGAR KOMMUNALE BYGG	0	6 000 000	0 %
K40018	OPPGRADERING GRUKPEVEGEN/SVEABREKKO	1 417 250	0	
K40020	ENØK-TILTAK KOMMUNALE BYGG	344 771	500 000	69 %
K40030	TETTANESSET T1	-2 645 752	5 000 000	-53 %
K40035	DAGSTURHYTTE	540	0	
K40060	ANDRE MØTEPLASSAR / GRØNTANLEGG / NÆRMILJØ	0	500 000	0 %
K40080	TEKNISK STASJON MASKINER/UTSTYR	0	1 200 000	0 %
K40090	DIGITALE KARTVERK/ARKIV	264 116	300 000	88 %
K40092	INTERKOMUNALT ARKIV	444 183	250 000	178 %
K40100	TRAFIKKSIKRINGSTILTAK	44 125	0	
K40101	TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE	1 723 801	0	
K40110	RASSIKRING/RASVURDERING	569 313	0	
K40111	RASSIKRING/OVERVANN	0	2 000 000	0 %
K40112	KUPEBEKKEN FLAUMSIKRING	9 265	0	
K40130	BRANNVERN - UTSTYR OG BEKLEDNING	162 321	0	
K40170	KOMMUNALE VEGAR-OPPGRADERING	0	300 000	0 %
K40171	PUNKTUTBETRING DALSEIDVEGEN	20 250	0	
K40181	OPPGRADERING KVAMSTOVEGEN	3 937 381	0	
K40191	KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDEL	320 126	0	
K40210	KOMMUNALE VASSVERK	0	1 500 000	0 %
K40214	VA SANDLIVEGEN	750 000	0	
K40220	AVLAUP KLOAKKAR	0	7 500 000	0 %
K40221	STYRING OG OVERVAKING AV BYGG OG ANLEGG	158 113	0	
K40230	NYTT VASSVERK VAKSDAL	1 083 414	0	
K40332	REGULERINGSPLAN DALEGARDEN	85 509	0	
K40340	LADESTASJON EL-BILER	5 981	350 000	2 %
K40362	NYANLEGG KREKANE VAKSDAL OV	319 585	0	
K40363	NYANLEGG KREKANE VAKSDAL IDRETTSPARK	708 269	0	
K40370	BRANNSTASJON VAKSDAL - FORPROSJEKT	4 499 562	0	
K40400	OMRÅDEPLAN VAKSDAL	1 914 629	2 000 000	96 %
K40410	OMRÅDEPLAN STANGHELLE	10 010	0	
K40415	PLANARBEID STASJONSBYER	0	400 000	0 %
K40416	ANDRE PLANER	246 285	0	
K40425	KOLLEKTIVTERMINAL DALE	185 281	0	
K50000	SAL AV ANELGGSMIDDEL	-277 600	-3 000 000	9 %

BALANSEN

Kap.		Saldo 31.12	Saldo 01.01
	Eiendeler	2 024 414 044	1 900 389 734
2.2	Anleggsmidler	1 640 643 302	1 496 058 439
2.27-2.29	Faste eiendommer og anlegg	905 821 589	800 430 791
2.24-2.26	Utstyr, maskiner og transportmidler	64 861 743	64 194 488
2.22-2.23	Utlån	24 652 995	26 330 685
2.21	Aksjer og andeler	35 372 825	34 353 700
	Pensjonsmidler	609 934 150	570 748 776
2.1	Omløpsmidler	383 770 742	404 331 295
2.13-2.17	Kortsiktige fordringer	41 879 915	34 051 237
2.18	Premieavvik	45 432 438	37 994 380
2.12	Aksjer og andeler	17 777 265	19 339 139
2.11	Obligasjoner	85 414 024	82 466 712
2.10	Kasse/bank/post	193 267 100	230 479 828
	Egenkapital og Gjeld		
2.5	Egenkapital	671 004 631	632 086 342
2.56-2.58	Disposisjonsfond	106 804 278	100 930 762
2.51-2.52	Bundne driftsfond	43 717 218	40 543 254
2.53-2.54	Ubundne invest.fond	23 142 082	28 038 350
2.55	Bundne invest.fond	5 725 055	6 322 381
	Endring regnskapsprinsipp AK drift	1 370 615	1 370 615
	Endring regnskapsprinsipp AK invest	(6 031 986)	(6 031 986)
2.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk	-	-
2.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk	-	-
2.5900	Udisponert i investeringsregnskap	(41 214 848)	-
2.5980	Likviditetsreserve	-	-
2.5990	Kapitalkonto	537 492 217	460 912 967
	Gjeld		
2.4	Langsiktig gjeld	1 269 661 181	1 197 669 132
2.41-2.42	Pensjonsforpliktelser	584 768 797	541 601 065
2.43-2.44	Sertifikatlån	253 532 000	228 312 000
2.45-2.49	Andre lån	431 560 384	427 946 067
2.3	Kortsiktig gjeld	83 548 231	70 444 259
2.31	Kassekreditt	-	-
2.32-2.39	Annen kortsiktig gjeld	83 548 231	70 444 259
	Sum EK og gjeld	2 024 414 044	1 900 389 734
	Memoriakonti		
2.9	Memoriakonto	-	-
2.9100	Ubrukte lånemidler	166 710 095	162 713 658
2.9200-29899	Andre memoriakonti	(40 969 766)	557 184
2.9999	Motkonto for memoriakontiene	(125 740 328)	(163 270 842)

(negativt tall)

Dato 22.02.23



Rådmann



Rekneskapsansvarleg

Vedlegg 3. Noter Rekneskap

Rekneskapsprinsipp
<p>Rekneskapene til Vaksdal kommune vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp som framkjem av kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsskikk. Som det framkjem av forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgang og bruk av midlar i året som vedkjem kommunen si verksemd i drifts- eller investeringsrekneskapen (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapen.</p> <p>Alle kjente utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalinger i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene- og omvendt. Videre er dei tatt med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering i henhold til eksakt beløp vert føretatt påfølgjande år.</p> <p>For lån er den delen av lånet som faktisk er bruk, som vert ført i investeringsrekneskapen. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost</p>
<p>Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld</p> <p>I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen i balanserekneskapen. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til vari eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar velt vurdert til anskaffingskost om omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring.</p> <p>Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avkriving starter seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedkrive til verkeleg verdi.</p> <p>Markedsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.</p> <p>Gjeld som er tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskrive ved varig auking i forpliktinga. Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som Markedsbaserte finansielle omløpsmidlar vert det vurdert til verkeleg verdi.</p>
<p>Tap på fordringar</p> <p>Kundefordringar vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for mulige tap. Det vert årleg føreteken ein gjennomgang av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det føreteken ein konkret gjennomgang av kundemassen for å kunne føreta ei avsetjing på kundar der risikoen for tap føreligg.</p>
<p>Meirverdiavgift</p> <p>For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld vann, avlaup, renoasjon, feiing og kraft. For øvrige tenesteområda vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.</p>
<p>Sjølvkostutrekningar</p> <p>Sjølvkost er fastsett i tråd med retningslinjer av Kommunal- og Regionsdepartementet som framkjem i dokument H2140.</p>
<p>Pensjonar</p> <p>Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.</p>

Organisering	
Vaksdal kommune er organisert i to-nivå med rådmann/kommunalsjefar på strategisk nivå og 4 resultateiningar på operativt nivå.	
Selskap/Interkommunalt samarbeid - henta frå eigarskapsmelding 2019	
<u>Aksjeselskap</u>	
Vaksdal Næringssselskap	67,55 % eigardel
Modalen Eksingedalen Billag	88 aksjer
BKK AS	0,37 % eigardel
Kommunekraft AS	1 aksje
Fjord Norge AS	1 aksje
Vaksdal Næringspark	Kommunalt selskap - avviklet 2019
Vaksdal Senter Utvikling AS	8,7 %
Vann Vest AS	skal erstatte DHIVA IKS
<u>Kommunalt foretak</u>	
AO-Senteret	
<u>Interkommunale samarbeid</u>	
BIR	Renovasjon
DIHVA IKS	Driftsassistansen i Hordaland Vann og Avløp - avviklet i 2020
IKAH	Interkommunalt arkiv i Hordaland
BOF	Bergen og omland friluftsråd
Osterfjordrådet	Næringsutvikling Vaksdal, Modalen, Osterøy
IUA Bergen region	Interkommunalt utvalg mot akutt forurensing
LVK	Landssamanslutningen av vasskraftkommunar
Vest Brann og redning	Brann og redning
KLP	Pensjon
Biblioteksentralen	Bibliotek
<u>Anna:</u>	
Forum nye Bergensbanen	
Invest in Bergen	
Etablerersenteret	
Veterinærtjeneste	
Nordhordland digitalt	
Midthordland skule- og barnehage region	
PPT - tenester til Modalen	
Kjøp skuleplassar frå Modalen	
Innkjøp tilslutta avtale Bergen	
Arbeidsgjevarkontroll - kjøp frå Bergen	
Miljøretta helsevern - kjøp frå Bergen	
Lager Sivilforsvarsmateriell - kjøp frå Bergen	

1. Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare uttrykkjer endringa i arbeidskapital utviklinga i kommunen sin betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarande periode. Tilsvarande finn ein endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffing og bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskap.

Konto	Balanserekneskap	31.12.2021	31.12.2022	Endring
x.x	Omløpsmidlar	404 331 295	383 770 742	-20 560 553
x.x	Kortsiktig gjeld	70 444 259	83 548 231	13 103 972
	Arbeidskapital	333 887 036	300 222 511	-33 664 525
	Drifts- og investeringsrekneskap år 2022		Beløp	Sum
	<i>Anskaffing av midlar</i>			
	Inntekter driftsrekneskap		476 742 028	
	Inntekter investeringsrekneskap		37 748 113	
	Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar		78 072 750	
	Sum anskaffing av midlar		592 562 890	592 562 890
	<i>Bruk av midlar</i>			
	Utgifter driftsrekneskap		454 441 389	
	Utgifter investeringsrekneskap		153 213 935	
	Utbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar		57 391 298	
	Avskrivinger			
	Sum bruk av midlar		665 046 622	665 046 622
	Avskrivnger		34 822 770	34 822 770
	Anskaffing - bruk av midlar			-37 660 961
	<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>			
x.x	IB konto		162 713 658	
x.x	UB konto		166 710 095	
	Endring ubrukte lånemidlar		3 996 436	3 996 436
	*) Auking framgår som (+), og reduksjon framgår som (-).			
	Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskap			-33 664 525
	Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap			0

2. Ytingar til leiande personar og revisor				
Ytingar til leiande personar framkjem under. Med leiande personar meiner ein rådmann og ordførar.				
			2022	2021
	Løn og anna godtgjering til rådmann		1 491 722	1 353 175
	Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng			
	Løn og anna godtgjering til ordførar		895 131	894 969
	Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng			
			2022	2021
	Revisjon		179 932	179 683
	Rådgjeving		212 059	288 214
	Sum		391 991	467 897

3. Pensjonsforplikting					
Pensjonsforplikting-, midlar og utgifter vert rekneskapsført i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 13.					
Netto pensjonskostnad					
Under framkjem berekna pensjonskostnader i året. Pensjonskostnad i året er endringa i forplikting frå byrjinga til slutten av året.					
Netto pensjonskostnad i året					
					Beløp
Nåverdi pensjonsopptening i året					22 241 551
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting					17 225 204
Forventa avkastning på pensjonsmidlane					-20 355 252
Netto pensjonskostnad					19 111 503
Premieavvik					
Pensjonspremie til betaling i året					34 785 231
Administrasjonskostnad					-1 117 335
Avregning frå tidlegare år					-19 111 503
Premieavvik i året					14 556 393
Arbeidsgjevaravgift premieavvik					2 052 451
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift i året					16 608 844
Pensjonsmidlar, pensjonsforplikting og berekna akkumulert premieavvik					
Under framkjem balanseført premieavvik til framtidig amortisering. I tråd med endringane i rekneskapsforskrifta frå 2011,					
Amortisering av premieavvik tidlegare år					
		Premieavvik 7 år	Premieavvik 10 år	Premieavvik 15 år	Sum
Akkumulert premieavvik per 31.12. i fjor		25 523 532	2 311 313	5 497 814	
Tidlegare amortisert premieavvik					
Premieavvik per 01.01. i år		25 523 532	2 311 313	5 497 814	33 332 659
Premieavvik i året		14 556 393			14 556 393
Amortisering i året av premieavvik tidlegare år		-4 686 353	-1 441 773	-1 909 306	-8 037 432
Premieavvik per 31.12. i år		35 393 572	869 540	3 588 508	39 851 620
Arbeidsgjevaravgift premieavvik		4 990 494	122 605	505 980	5 619 078
Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift		40 384 066	992 145	4 094 488	45 470 698
Under framkjem balanseførte pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsforpliktinga er berekna ut frå langsiktige forutsetjingar om					
Balanse 31.12					
	2022	2021	2020	2019	2018
Brutto bokført pensjonsforplikting	-584 768 797	-545 203 017	-565 972 759	-593 210 091	-576 881 187
Bokførte pensjonsmidlar	609 934 150	570 748 776	581 831 606	549 396 398	539 848 188
Netto pensjonsmidlar	25 165 353	25 545 759	15 858 847	-43 813 693	-37 032 999
Arb.gjevaravg. av netto pensjonsforplikt	1 917 485	3 601 952	2 236 097	-6 177 731	-5 221 653
Berekningsforutsetjingar					
Berekningsforutsetjingane er regulert i rekneskapsforskrifta § 13.5					
	<i>Selskap</i>	<i>Diskonteringsrente</i>	<i>Lønsvekst</i>	<i>G-regulering</i>	<i>Avkastning</i>
	SPK	3,00 %	1,98 %	1,98 %	3,00 %
	KLP	3,00 %	1,98 %	1,98 %	3,50 %

4. Varige driftsmidler (anleggsmidler)						
Anleggsmidler vert vurdert i tråd med rekneskapsforskrifta § 8. Følgjande anleggsmiddelgrupper vert nytta for avskrivning:						
Anleggsmiddel-gruppe	Avskrivings-plan	Eigedelar				
Gruppe 0	0 år	Tomter og andre ikke avskrivb. anl.midler				
Gruppe 1	5 år	Edb-utstyr, kontormaskiner og liknande.				
Gruppe 2	10 år	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.				
